

MASTEROPPGÅVE

Tema med variasjonar?

Kulturskule – eintydig praksis og rettsleg standard?

Variations on a Theme?

Norwegian Cultural school; unambiguous practice and legal standard?

Anne Lene Østvold Jordåen

Masterstudium i organisasjon og leiing, helse- og velferdsleiing og utdanningsleiing

Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap

Institutt for samfunnsvitenskap

Innleveringsdato 09.06.2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referanser/kildehenvisninger til alle kilder som er nytta i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

Forord

Etter fire år som deltidsstudent ved Høgskulen på Vestlandet er det godt å setta punktum med denne masteroppgåva som handlar om kulturskulen og rettsleg standard. Det har vore særspanande, interessant og ikkje minst lærerikt å fordjupa seg i denne tematikken. Kulturskule har vore ein viktig del av livet i mitt i over 40 år, og det var difor heilt naturleg at masteroppgåva skulle handla om nettopp den.

Eg vil takka dei sju rektorane som deltok i intervjeta, utan deira innsats hadde det blitt ei tynn oppgåve. Takk og til dei sju referansekomunane som leita fram relevante dokument om kulturskulen.

Tusen takk til rettleiar Geir Sverre Braut som har inspirert, rettleia og delt av sin kunnskap og ikkje minst sette meg på idéen om å skriva om rettsleg standard!

Til sist må eg takka familien min som tolmodig har lytta til lange utgreiingar om kulturskule, rettsleg standard, opplæringslov, GSI-statistikk, Scott, institusjonalisering, kulturpolitikk, design og metode, stortingsmeldingar, APA-stil og Endnote.... Tusen takk, tolmodige Magne, Arne og Astrid!

God lesing!

Stord, juni 2023

Anne Lene Østvold Jordåen

Samandrag

Tema i denne masteroppgåva er opplæringslova § 13-6, lov om musikk- og kulturskule, og korleis kommunane forstår og praktiserer lova. Vidare har studien til formål å svara ut om skildringane av kommunane si forståing og praktisering av lova er så eintydig at den kan kallast for ein rettsleg standard. Gjennom dokumentanalysar av nasjonale overordna dokument, kommunale dokument, gjennomgang av statistikk og historikk, samt intervju med utvalde kulturskuleleiarar har eg innhenta informasjon som gir meg innsikt og informasjon til å svara ut problemstillinga: *I masteroppgåva ynskjer eg å sjå på korleis opplæringslova § 13-6, lov om musikk- og kulturskule, vert forstått og praktisert av kommunane, og undersøkja om denne praksisen er så eintydig at den kan kallast for ein rettsleg standard.*

For å belysa funna har eg nytta teori knytt til juridisk metode og institusjonalisering med utgangspunkt i Scott (2014) sine tre institusjonelle pilarar. Studien er gjennomført etter kvalitativ metode, og det er nytta dokumentanalyse og intervju i arbeidet. Sju kommunar/kulturskulerektorar frå ulike delar av landet har blitt intervjua og alle dokument som er nytta i analysane er offentlege dokument.

Oppsummert syner funna i analysane at kommunane si forståing og praktisering av opplæringslova § 13-6 mykje liknar kvarandre og kan opplevast eintydig, slik som; kommunane si etablering av kulturskulane, lik organisering, like fagtilbod, lik rektorrolle og gjennomgåande lik handsaming av politiske og administrative kulturskulerelaterte saker. Kan så denne einsarta praksisen kallast for ein rettsleg standard? I definisjon av rettsleg standard, ligg det til grunn at det er forhold utanfor sjølve lovgjevinga som er så tydelege og einsarta, og at denne praksisen vil kunne etterprøvast i ei eventuell rettsak (Haugland, 2018). Funna i analysane viser at dette ikkje kan dokumenterast, då det ikkje har vore reist noko sak som kan etterprøvast. Likevel er det i praksisfeltet, kommunane og i overordna føringar ei særslig eintydig praktisering og forståing av opplæringslova § 13-6. Så lik at det gir grunnlag for å tru at ein nærar seg det som kan reknast som ein rettsleg standard.

Abstract

In the norwegian educational system, all municipalities are legally bound to have a Kulturskule, this is a school for the creative arts, open primarily to children within the municipal boundary. The subject of this master's thesis is the Education Act § 13-6, Act relating to music and cultural schools, and how the municipalities understand and practice the act. Furthermore, the purpose of the study is to answer whether the descriptions of the municipalities' understanding and practice of the law are sufficiently unambiguous that it can be called a legal standard. Through document analyses of national documents, municipal documents, national statistical register, as well as interviews with selected cultural school principals. I have obtained information that gives me insight and information to help answer the problem: *In my master's thesis, I wish to look at how Section 13-6 of the Education Act, Act on music and cultural schools, is understood and practiced by the municipalities, and examine whether this practice is so unambiguous that it can be called a legal standard.*

In the analyses, I have utilised theory linked to legal method and institutionalization based on Scott (2014). The study was conducted using qualitative methods, with document analysis and interviews used in the work. Seven municipalities/cultural school principals from different parts of the country have been interviewed and all documents used in the analyzes are public documents.

In summary, the findings in the analyses show that the municipalities' understanding and practice of the Education Act § 13-6 are very similar to each other and can be experienced unambiguously. Such as; the municipalities' establishment of the cultural schools, similar organisation, similar subject offerings, similar leadership role and generally similar handling of political and administrative matters pertaining to cultural schools. Can this uniform practice be called a legal standard? Haugland (2018) defines a legal standard, as including the presence of conditions outside the legislation itself that are so clear and uniform, that the practice will be verifiable in possible legal case. The findings in the analyses show that this cannot be documented, as no case has been raised that can be verified. Nevertheless, in practice, on both a municipal or national level there is a particularly unequivocal practice and understanding of the Education Act § 13-6, so similar that it provides grounds for believing that one adheres to what can be called a legal standard.

Innhold

Innhold	5
1 Innleiing.....	8
1.1 Tema i oppgåva	9
1.2 Problemstilling	10
1.3 Forskingsspørsmål.....	11
1.4 Kunnskapsstatus	12
1.4.1 Om opplæringslova § 13-6 og kommentarar til den.....	12
1.4.2 Ny opplæringslov	13
1.4.3 Opplæringslova § 13-7 Skulefritidsordninga	13
1.4.4 Bruken av musikkskule, musikk- og kulturskule og kulturskule i oppgåva.....	14
2 Kulturskulen si etablering og utvikling	15
2.1 Musikkskulen på 1970 – 1980 talet.....	15
2.1.1 Faga i musikkskulen på 70 og 80-talet.....	16
2.2 Musikkskulen på 1990-talet: lovforankring og fleire fag	17
2.2.1 Musikk- og kulturskulen vert lovfesta.....	17
2.2.2 Frå musikkskule til kulturskule	17
2.3 Utvikling på 2000-talet: kulturskule eit godt etablert tilbod	18
2.3.1 Kulturskule for alle barn som ynskjer det; Kulturskoleløftet	18
2.3.2 Kulturskulen sin plass i rapportar, meldingar og utredningar	19
2.3.3 Eigen stortingsmelding om kulturskule	20
2.4 Norsk kulturskoleråd	21
2.5 Rammeplanar for kulturskulen	21
2.5.1 Rammeplan for kulturskulen – mangfold og fordjuping, 2015	22
3 Teoretiske perspektiv	23
3.1 Juridisk metode og rettsleg standard	23
3.1.1 Juridisk teori/metode	24
3.1.2 Rettsleg standard – nært knyta til praksisfeltet.....	24
3.2 Institusjonalisering	25
3.3 Scott og dei tre institusjonelle pilarane	25
4 Design og metode	28
4.1 Kvalitativ forskingsdesign.....	28
4.1.1 Hermeneutisk tilnærming	28
4.2 Kvalitativ metode	29
4.2.1 Dokumentanalyse	29
4.2.2 Intervju	30

4.3	Gjennomføring av dokumentanalyse og intervju	30
4.3.1	Val av referansekommunar.....	30
4.3.2	Val av dokument.....	31
4.3.3	Intervjua.....	33
4.3.4	Etikk og kvalitetsvurderingar	34
5	Funn og analysar av dokument og intervju	36
5.1	Funn frå intervjua	36
5.1.1	Bakgrunn til deltagarane.....	36
5.1.2	Tankar kring opplæringslova § 13-6	37
5.1.3	Tankar kring utviklinga av kulturskulen i din kommune	38
5.1.4	Referanserekotorane si oppleving av GSI-rapporteringa	38
5.1.5	Tankar kring Rammeplan for kulturskulen – mangfold og fordjuping.....	39
5.1.6	Opplæringslova § 13-6 i framtida.....	40
5.2	Funn i gjennomgang av dokument frå referansekommunane	41
5.2.1	Oppstartsdocument/stiftingsvedtak	41
5.2.2	Organisering	42
5.2.3	Fysiske rammer (lokale)	43
5.2.4	Fagleg utvikling.....	43
5.2.5	Lokale vedtak på Rammeplan for kulturskulen.....	43
5.2.6	Synleggjer kommunane opplæringslova § 13-6 i lokale dokument?.....	44
5.2.7	Kulturskulen sin plass i det kommunale planverket.....	44
5.3	Funn i nasjonale dokument.....	44
5.3.1	Interpellasjon frå Kjell Magne Bondevik	45
5.3.2	Dugstadutvalet.....	46
5.3.3	Lovforankring.....	46
5.3.4	Frå øyremarka midlar til rammeoverføring	47
5.3.5	«Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn»	48
5.3.6	«Skaperglede, engasjement og utforskertrang»	48
5.3.7	GSI (Grunnskolens Informasjonssystem).....	49
5.3.8	Statsforvaltaren og tilsyn	51
6	Drøfting	52
6.1	Styrker og svakheiter i funna.....	52
6.2	Kulturskulerekotorane sitt perspektiv på opplæringslova § 13-6.....	53
6.3	Institusjonalisering av kulturskulen?	55
6.3.1	Kommunane si synleggjering av kulturskuletilbodet	56
6.4	Forventning om standardisering i nasjonale føringer	57

6.4.1	Finst det teikn på rettsleg standard i overordna nasjonale dokument?	60
6.4.2	Kva påverknad har GSI-rapporteringa hatt for kulturskulane?	60
6.4.3	Statsforvaltaren si tilsynsrolle	61
6.4.4	Kulturskulen og velferdsstaten	61
6.5	Forskingsspørsmåla i lys av drøftinga	62
7	Konklusjon	64
7.1	Tankar om kulturskulen og tida framover	66
8	Referanseliste	67
9	Dokumentliste	72
10	Figurliste.....	74
11	Vedlegg	75

1 Innleiing

Året var 1982 og eg var ti år. På skulen fekk me besøk av ein kar frå Sandnes kommunale musikkskole som fortalte om alle instrumenta ein kunne læra å spela om ein var elev i musikkskulen. Eg, som var over snittet glad i blokkfløytespeling, gjekk rett heim til mor og far og sa at eg måtte få begynna å spela tverrfløyta på denne skulen. Eg hugsar at mor og far syns dette var noko underleg. Det var ingen i familien min som spela instrument, så dette var ukjent for mor og far, men dei søkte likevel om plass til meg. Og slik gjekk det, eg fekk plass og sidan den gong har musikkskule, seinare kulturskule, vore ein stor del av livet mitt, både som elev, student, kulturskulelærar, distriktsmusikar, rektor og forelder.

Eg har tenkt på kva som hadde skjedd om eg ikkje hadde møtt denne karen frå musikkskulen den gongen i 1982? Hadde eg funne denne informasjonen annan stad? Nyleg spurde eg mor om dette, kva tankar ho hadde om den gongen eg kom heim med lappen frå musikkskulen? Mor fortel at ho og far syns dette var framand, dei kjente ikkje til korleis det fungerte, ho fortel «*jo, eg trur eg visste at det fantes ein musikkskule, men det falt meg ikkje inn at det var noko for deg*». Vidare fortel mor at ingen av vennane deira hadde born som gjekk i musikkskulen, og at musikkskulen vart opplevd som heilt nytt og ukjent. Mor fortel vidare at dei aldri var i tvil om eg skulle få lov til å begynne i musikkskulen, og dei såg raskt at dette var noko eg likte særskilt godt. Kva som hadde skjedd om eg ikkje hadde fått denne lappen – tja, det er vanskeleg å sei, og det vil me aldri få svar på.

Å nå ut til alle, og at alle barn og unge skulle ha like høve til å delta, var tydeleg allereie i oppstarten av musikkskulane. 70- og 80-talet var sterkt prega av framveksten av velferdssamfunnet, fokuset på sosial utjamning, og utbygging av velferdstenester i offentleg regi som t.d. gratis utdanning, økonomisk sikkerheit ved sjukdom og ledigheit stod heilt sentralt på denne tida (Sandvin, et.al, 2020). Utvikling og etablering av musikkskulen er difor eit godt døme på ei slik velferdsteneste.

Me skriv no 2023 og eg har 15 år erfaring som kulturskulerektor. I desse åra har tanken om at kulturskulen skal vera for alle vore ein stor motivasjonsfaktor for meg. I tillegg har eg blitt oppteken av korleis kommunane utøver tilbodet om kulturskule og ikkje minst korleis både det politiske og administrative nivået «snakkar» om kulturskule. Eg har difor kalla denne oppgåva for «*Tema med variasjonar? Kulturskule – eintydig praksis og rettsleg standard?* og

med dette stiller eg eit slags spørsmål om korleis kommunane praktiserer kulturskuledrift. Praktiserer kommunane kulturskulane ut i frå ein «felles» ide (tema) og så er det tilfeldigheitar (variasjonar) som påverkar korleis tilbodet vert? Eller har det utvikla seg strukturelle prinsipp og normer for drifta? Og i kva grad spelar lovgjevinga ei rolle? Har det utvikla seg ein standard som kommunane meir eller mindre bevisst styrer etter?

1.1 Tema i oppgåva

Tema i masteroppgåva er opplæringslova § 13-6 og korleis lova vert forstått og praktisert av kommunane. Lova handlar om kommunane si plikt til å ha tilbod om musikk- og kulturskule. Lovteksten er kort og har heller ingen forskrift, noko som tilseier at den einskilde kommune kan drifte kulturskule slik dei tenkjer det er naturleg ut i frå økonomiske og fysiske rammer og kva kompetanse som finst i kommunen.

Kommunale musikkskular, seinare musikk- og kulturskular, vart etablert allereie på slutten av 60-talet, og etter kvart vaks det fram slike skular i mange av landets kommunar. På 80-talet var musikkskulane godt integrert i det kommunale tenestetilbodet, og kommunane fekk øyremerka midlar til drift, løyvd over statsbudsjettet. På denne tida var det ingen lovforskrift for denne type skule eller aktivitet. Likevel syner historia at musikkskulane mykje likna kvarandre og at kommunane organiserte drifta etter liknande modell eller standard. Først i 1997 vert opplæringslova § 13-6 vedteke, og lovteksten er særskilt kort og legg lite føringar for organisering, fag og omfang. Det kan synast som innføringa av lova ikkje førte til betydelege endringar av måten kommunane organiserte sitt musikk- og kulturskuletilbod på.

Kommunane har ei plikt til å utøve lovpålagte oppgåver, og derav og krav om å ha tilbod om musikk- og kulturskule. Sidan denne lovheimelen er open og legg få konkrete krav eller føringar til korleis musikk- og kulturskuletilbodet skal organiserast, legg ein til grunn at kommunane sjølve har definert rammer for korleis tilbodet vert organisert. I masteroppgåva ynskjer eg å undersøkje kva som finst av lokal dokumentasjon og eventuelle politiske vedtak som kan sei noko om organisering og omfang av musikk- og kulturskuledrift. Eg vil gjera eit representativ utval av kommunar for å gje eit oversyn over mogelege praksisar.

I arbeidet vil eg henta informasjon frå nasjonale overordna dokument og gjennomføra analyse av desse, i tillegg har eg valt ut sju kommunar som skal vera mine referansekommunar. Desse

kommunane vil danna eit generelt bilet av korleis kultuskuledrift vert praktisert og forstått. Det er gjort eit representativt utval av kommunar, med ei blanding av mindre, mellom og det ein kan kalla stor kommune. Arbeidet vil bli organisert med kontakt med kommunane via telefon og e-post, der målet er å finna fram dokument som skildrar eller seier noko om kulturskulen t.d. stifting, organisering, fagleg utvikling, fysiske rammer, rammeplan og opplæringslova § 13-6. Andre dokument eller opplysingar som kan ha, eller har hatt, påverknad for utviklinga av kulturskulen vil og vera av interesse. Desse dokumenta vil så bli analysert. Etter innhenting og analysar av dokumenta skal det gjennomførast intervju med leiar/rektor i kulturskulen i dei utvalde kommunane. I intervjuet vil leiar/rektor si forståing av opplæringslova § 13-6 og korleis drift av kulturskulen vert praktisert i det daglege vera sentrale tema.

Utdanningsdirektoratet (Udir) er ansvarleg for gjennomføringa av den årlege GSI-rapporteringa (Grunnskolens Informasjonssystem). GSI er primært eit system for registrering av opplysingar om grunnskulen i Noreg, men i tillegg til opplysingar om grunnskulen nyttast GSI og til å hente inn data om vaksenopplæring og kulturskule. Kommunane må gjennom denne innsamlinga rapportere ulike sider ved kultuskuledrifta som tal elevar, fagtilbod, årstimer, brukarbetaling, utdanningsnivå på tilsette m.m. Det kan opplevast som om GSI-rapporteringa har ei forventning om kva kulturskulen skal vera, både kva gjeld omfang og tilbod, og at dette er ein forventa standard for tilbodet.

I studien er Rammeplan for kulturskulen – mangfold og fordjuping (Norsk kulturskoleråd 2016) eit sentralt dokument. Norsk kulturskoleråd har arbeidd systematisk med å få denne rammeplanen som ei forskrift til lova. Dette vert mellom anna diskutert i Meld. St. 18 (2020 – 2021) Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge, her kjem det fram at Stortinget ikkje ynskjer dette. Norsk kulturskoleråd har i ein lang periode arbeidd med å få lokale politiske vedtak på Rammeplanen for kulturskulen. Dette for å styrkja kulturskulen sin posisjon i den einskilde kommune.

1.2 Problemstilling

Gjennom erfaringane mine som kultuskulerektor har eg undra meg over i kva grad dei rettslege rammene inngår i praksisfeltet si oppfatning og forståing i utøvinga av kultuskuledrifta og om det er eit forhold eller samspel mellom desse. I spennet mellom

kommunane si tolking og praktisering av lova, og samfunnet si forventning til kulturskuledrift, kan det synast som det har vokse fram ein uformell standard som legg føringar for drift og omfang av kulturskuletilbodet. Kan denne standarden reknast som ein rettsleg standard, og korleis og kvifor har utviklinga blitt slik?

Rettsleg standard er eit juridisk omgrep som nyttast om ein rettsregel som ikkje er detaljert i sjølve lovteksten, men som refererer til forhold utanfor sjølve lovgjevinga når det skal takast stilling til om noko er rett eller urett (Haugland, 2018, s. 88). Gjennom relasjonen til, og synleggjeringa av praksis, skal standarden likevel kunna rettsleg etterprøvast.

Grunna i undringa og refleksjonane over har eg formulert følgjande problemstilling:

I masteroppgåva ynskjer eg å sjå på korleis opplæringslova § 13-6, lov om musikk- og kulturskule, vert forstått og praktisert av kommunane, og undersøkja om denne praksisen er så eintydig at den kan kallast for ein rettsleg standard.

Omgrepet rettsleg standard kan virka noko framand for «skule- og kulturfolk», då det er lite nytta i skule- og undervingssamanheng og i kulturfeltet generelt. I andre sektorar t.d. helse, økonomi og industri er rettsleg standard eit meir nytta og kjent omgrep. Rettsleg standard er nært knyta til praksisfeltet, og det er denne tilknytinga til praksisfeltet som vil vera særleg interessant å sjå på i høve utviklinga av kulturskulen. I tillegg ynskjer eg å undersøkja om det er teikn på at kulturskulen har blitt institusjonalisert. Og kan det vera ein samanheng mellom ei eventuell utvikling av rettsleg standard og ei institusjonalisering av kulturskulen?

1.3 Forskingsspørsmål

For å kunna svara på problemstillinga har eg formulert tre forskingsspørsmål med underpunkt:

- 1 a) Korleis opplever og forstår leiar/rektor for kulturskulen opplæringslova § 13-6?
- 1 b) Korleis opplever leiar/rektor for kulturskulen «sin» skule i forhold til dette kravet?
- 2 a) Kva finst i kommunane av skriftleg dokumentasjon som skildrar kulturskulen sitt innhald, organisering og eventuelle planar?
- 2 b) Korleis vert denne dokumentasjonen uttrykt og informert om til brukarane/elevane?
- 3 a) Kva finst av informasjon i overordna nasjonale dokument som kan opplevast eller tolkast som ein rettsleg standard?
- 3 b) Korleis stiller overordna dokument seg til fenomenet rettsleg standard?

Med utgangspunkt i desse spørsmåla har eg utforma kriteria for tema som vert nytt i intervjuguide og i dokumentanalysane, sjå kapittel 4. og i vedlegga.

1.4 Kunnskapsstatus

Kulturskufeltet er eit forholdsvis ungt, lite og smalt fagfelt, særleg samanlikna med grunnskule og det er difor noko avgrensa forsking på feltet. I forarbeidet til denne studien har eg ikkje lukkast i å finna forsking som seier noko om utvikling av rettsleg standard i kulturskulen. I kartlegginga av litteratur og tidlegare forsking på feltet opplever eg å finna interessante tema og problemstillingar, men ofte handlar desse om kulturskulen og det pedagogiske, syn på eleven og eleven si utvikling, eller om samarbeid med grunnskule eller andre kommunale tenester. Norsk kulturskoleråd har dei seinare åra fokusert på og initiert ulike forskingsprosjekt. Mellom anna er det gjort noko forsking på likskapar og skilnader i lærarrolla og profesjonalitet i kulturskulen og grunnskulen, men det er ikkje gjort djupare analysar av kva rettslege krav som kan utleia av § 13-6 i opplæringslova. Dette er skildra i «Kulturskolerelatert forsking i Norden» (Rønningen et al., 2019) og i rapporten «Forskning og utvikling i kulturskolefeltet» (Rønningen et al., 2017).

Kulturskule er på mange måtar eit særnorsk fenomen, sjølv om det finst liknande skular i dei nordiske landa. I utviklinga av den norske kulturskulen har fokuset heile tida handla om at skulen skal vera open for alle, uavhengig sosial, økonomisk og kulturell bakgrunn og at det ikkje skal vera noko form for opptaksprøve. Kulturskulen opptrer både som ein skule/utdanningsinstitusjon og som ein fritidsaktivitet, noko som fører til at det er eit stort spenn i tilbodet kulturskulen skal tilby (Berge, 2019).

1.4.1 Om opplæringslova § 13-6 og kommentarar til den

Lov om musikk- og kulturskule er heimla i opplæringslova § 13-6: *«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skoleverket og kulturlivet elles».*

Lova er kort og seier ikkje noko om omfang og organisering, berre at det er krav om å ha slikt tilbod. Lova er utforma slik at det er eit krav til kommunane at dei skal ha eit *musikktilbod*, dette grunna i at det står at det skal vera tilbod om musikk- og kulturskule. Musikk reknast som eit kulturtibod og kommunen vil difor oppfylle lova om kulturskulen berre har tilbod i

musikk. Vidare er det tre føresegner i opplæringslova som gjeld for musikk- og kulturskuletilbodet. Det er lov om politiattest og yrkesforbod (opplæringslova § 10-9), informasjon om forvaltningslova (opplæringslova § 15-1) og til sist lov om tilsyn frå statsforvaltaren (opplæringslova § 14-1) (Helgeland & Norge, 2006).

Helgeland (2006) presiserer i sin kommentar til lova at kommunane har plikt til å ha dette tilbodet, men at det ikkje gir nokon ein individuell rett til eit slikt tilbod. Dette inneber med andre ord at ingen har individuelle rettigheitar jf. Ot. Prp. nr. 46 (1997 – 1998). I tillegg presiserer Helgeland (2006) at søknadar om opptak i kulturskulane skal handsamast etter gjeldande forvaltningsrettslege reglar, som beskyttar mot usakleg forskjellsbehandling.

Ut over dette er det opp til kommunane sjølve å utforme tilbodet om musikk- og kulturskule.

1.4.2 Ny opplæringslov

Kunnskapsdepartementet arbeider med å lage ny opplæringslov som skal erstatte dagens opplæringslov. Hausten 2021 var forslag til ny opplæringslov ute på høyring og det er forventa at lovproporsjon med forslag til ny opplæringslov vert sendt til Stortinget i løpet av våren 2023.

I forslaget frå Kunnskapsdepartementet er drift av kulturskule flytta til kap. 26 Kulturskule, karriererettleiing og ulykkesforsikring:

«Kommunen skal ha eit tilbod om kulturskole til barn og unge, organisert i tilknyting til skolen og kulturlivet elles. Kommunen kan samarbeide med andre kommunar om tilbodet.

Kulturskolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakkassering. Kulturskolen skal førebyggje tilfelle der elevar ikkje har eit trygt og godt skolemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane.»

Det er ikkje varsla at det skal koma forskrifter til § 26-1.

Masteroppgåva er skriven ut i frå gjeldande lov § 13-6, og har ikkje tatt opp i seg dei ev. endringane som kan koma.

1.4.3 Opplæringslova § 13-7 Skulefritidsordninga

Opplæringslova § 13-7 som regulerer skulefritidsordninga (SFO) kan vera relevant å sjå til i oppgåva. Opplæringslova § 13-7 er meir omfattande enn § 13-6, mellom anna er det krav om

at skolefritidsordninga skal ha vedtekter om definerer eigarforhold, kven som er opptaksmyndigkeit, opptakskriterium, opptaksperiode og oppseiing av skolefritidsplassen, foreldrebetaling, leike- og opphaldsareal, dagleg opphaldstid og årleg opningstid samt bemanning og leiing. I tillegg har lovheimelen forskrift om rammeplan.

Kulturskule og SFO kan likne kvarande på nokre område, mellom anna at tilbodet er frivillig og at det er brukarbetaling. I tillegg kan innhaldet i tilbodet likne kvarande der fokus på å ivareta barna si skaparglede og kreativitet er sentralt.

1.4.4 Bruken av musikkskule, musikk- og kulturskule i oppgåva

I løpet av oppgåva vil lesaren erfare at det nyttast både musikkskule, musikk- og kulturskule og kulturskule for å definere dette skuleslaget. Dette kan vera noko forvirrande, men det skuldast at skulen først var berre musikkskule. Skulane utvikla seg så til å ta inn fleire fag enn berre musikk, og på eit tidspunkt byrja ein med å definera desse skulane som musikk- og kulturskule. Etter kvart opplevde ein dette som noko tungvindt og ein gjekk difor over til å kalla skuleslaget for kulturskule. I lovteksten er det nytta musikk- og kulturskule. Eg brukar alle variantane, men har prøvd å systematiser det etter historisk utvikling, og om eg viser til lovteksten.

2 Kulturskulen si etablering og utvikling

I dette kapittelet vert det ei historisk gjennomgang av kulturskulen si utvikling, dette for å gje tilstrekkeleg kontekst for lesearar som ikkje arbeidar i kulturskulefeltet.

Dei fyrste kommunale musikkskulane såg dagens lys allereie på midten av 1950-talet, men det var først på 70- og 80-talet at etableringa verkeleg skaut fart.

I etterkrigstida vart det arbeidd systematisk med å byggja opp og styrkja det frivillige musikklivet og musikkfaget sin plass i skulen. Entusiasmen i fagfeltet var ei viktig drivkraft til det som utvikla seg til å bli kommunale musikkskular. På slutten av 1940-talet, var det korkje musikhøgskule eller eigne konserthus i Noreg, men det var likevel eit yrande musikkliv, både på amatør- og profesjonelt nivå (musikkarar med utdanning frå utlandet). Allereie på slutten av 1940-talet var det engasjerte musikkarar som starta opp private musikkopplæringstilbod for barn og unge, mellom anna slik Kåre Opdal gjorde på Voss. Idéen om musikkskule for barn var sådd og dette var starten på det som seinare skulle bli kommunale musikkskular. Etter kvart dukka det opp liknande private modellar rundt om i landet og i 1953 vart det etablert kommunal musikkskule i Narvik, som ein av landets første. I 1970 var det registrert 12 kommunale musikkskular, men allereie i 1973 var talet heile 48 (Hofsli et al., 2013). Utviklinga av dei kommunale musikkskulane var no i full gang.

2.1 Musikkulen på 1970 – 1980 talet

Den store motivasjonen for etableringa av musikkskulane var ynskje om å gje barn og unge ei fagleg og god opplæring i song og musikk, noko ein på denne tida opplevde at den obligatoriske skulen ikkje tilfredsstilte. I tillegg var det viktig å gje dei unge meiningsfulle fritidsaktivitetar, og ein såg at aktiv musikkutøving hadde ei kulturell og sosial betyding for mennesket (KS, 1980). I ei oppsummering i temahefte «Kommunale musikkskoler» utgitt av Kommunenes Sentralforbund i 1980, kjem det fram at musikkopplæring er eit offentleg ansvar og at barn har rett til undervisning, jf. FN si erklæring om barn sine rettigheter. Vidare var det eit generelt syn i samfunnet at *alle*, uansett bustad, bumiljø og familieøkonomi skulle ha rett på dei same mogleikane. Kommunenes Sentralforbund (KS) påpeikar vidare i same hefte at etablering av kommunal musikkskole er ei frivillig oppgåve for kommunen (KS, 1980, s. 6).

I Mønsterplan for grunnskulen av 1974 (M74) kjem det fram ynskje om å koordinere musikkundervisninga med andre musikktiltak, både på skulen og i samarbeid med det frivillige musikklivet. Tiltak som skulekor, skulekorps og samspelgrupper vert nemnd som forslag. Planen nemner og dei kommunale musikkskulane, og at kommunane bør få i stand samarbeid mellom grunnskulen og musikkskulen t.d. ved å nytta felles lærarkrefter (M74, s. 229). Tankar om tett samarbeid mellom den obligatoriske skulen og musikkskulen kjem og til uttrykk i ei kartlegging av frivillige musikkaktivitetar for barn og unge, som vart gjennomført av Norsk kulturråd i 1975 (Braseth-utvalet). I denne kartlegginga kan ein lesa at dei kommunale musikkskulane bør samordnast med det offentlege skuleverket og at musikkskulane må leggjast under skulestyret i kommunane, tilsvarande skulekontor/oppvekstetat i dag. Braseth-utvalet tek og til orde for at det må opprettast musikkskular i alle landets kommunar, og at det må setjast i gang arbeid med å sikre statstilskot til denne type skule (Norsk kulturråd, 1976).

I 1977 fekk Trondheim, Sandnes og Bjørgvin statsstøtte til å gjennomføra prosjektet «Samordna kommunal musikkopplæring», målet med prosjektet var å arbeide fram funksjonelle modellar for musikkskuledrift, både kva gjaldt praktisk organisering og økonomiske rammer. Erfaringane frå prosjektet er gode, men det er store utfordringar knytt til økonomi, då særleg kostnadane ved å gjera musikkskulen tilgjengeleg for alle.

I løpet av 1970 – åra skjer det ein eksplosjon i etableringa av kommunale musikkskular, og i 1981 rapporterast det om at det er meir enn 180 kommunar som har slikt tenestetilbod. Denne utviklinga vitnar om at kommunane kjenner ansvar for å støtte opp under det frivillige musikklivet. Det bør og leggjast til at det i denne perioden vart etablert seks landsdelsmusikkonservatorium, samt Norges musikhøgskole i Oslo. Forløparen til Norsk kulturskoleråd, Norsk musikkskoleråd, vart etablert i 1973 (Grunnskolerådet informasjonshefte, nr. 25, 1982). Frå 1982 får kommunane øyremerka midlar til drift av kommunale musikkskular, detaljar kring dette er skildra i dokumentanalyse kap. 5.3.4.

2.1.1 Faga i musikkskulen på 70 og 80-talet

Musikkskulen vart i utgangspunktet etablert for å ivareta opplæring i musikk, i hovudsak vokal- og instrumentalopplæring. I dokument frå denne perioden er det ikkje skrive inngåande om dei ulike faga, men det er ei tydleg inndeling av strykeinstrument, blåseinstrument, akkordinstrument, el-instrument og vokal. Vidare diskuterast det lengde på timer, tal elevar på

grupper, ordningar for samspel og tilrettelegging for musikkteori/musikhistorie. Samarbeid med orkester, kor, korps og folkemusikkgrupper vert og diskutert (Norsk kulturråd, 1976, KS, 1980 og 1985). Tankane om å utvide fagporteføljen til musikkskulen dukka tidleg opp, og i Norsk kulturråd sin rapport frå 1975 står det skildra korleis ein ser for seg å trekke inn folkemusikk/folkedans og klassisk ballett som fagområde det er naturleg å ha musikkskulen. Dugstadutvalet (1989) framhevar at det er viktig å legge til rette for musiske aktivitetar for små barn, gjerne i samarbeid med barnehage. Det vert og skildra idéar om å etablere tilbod i musikkskulen som famnar om fleirkulturelle musikkaktivitetar, folkemusikk/dans og musikkteater, samt tilrettelagte tilbod til funksjonshemma (Dugstad, 1989).

2.2 Musikkskulen på 1990-talet: lovforankring og fleire fag

I 1990 er det registrert 300 kommunale musikkskular i medlemsregisteret til Norsk musikkskoleråd og i 1997 er talet oppe i 357 (Hofsli et al., 2013). 1990-talet er tiåret musikkskulen går frå å vera ein rein musikkskule til å bli ein kulturskule med tilbod innan fleire kunst- og kulturuttrykk.

2.2.1 Musikk- og kulturskulen vert lovfesta

Den viktigaste hendinga i dette tiåret var lovfestinga av musikk- og kulturskulen som blei vedtatt i 1997. Å lovfesta musikkskulen hadde vore eit sterkt ynske frå feltet allereie frå tidleg på 70-talet, og gleda var stor i kulturskulefeltet då dette var eit faktum. Detaljar kring utarbeidingsa av lova er nærmare skildra i analysen av nasjonale dokument, kap. 5.3.

2.2.2 Frå musikkskule til kulturskule

Parallelt med utviklinga av musikkskulane er det krefter som arbeider med å etablera kunstskular, med hovudvekt på opplæring innan visuell kunst/bilet-kunst. Kunstskulane vart initiert av Norsk kulturråd og Grunnskolerådet, som gjennom eit prosjekt med 16 kommunar prøver ut modellar med «Kunstskoler for barn og unge» i perioden 1989 – 1992. Forsøket var vellukka og etter kvart var det naturleg at musikkskulane og kunstskulane byrja å samarbeide (Norsk kulturråd, 1996).

I 1998 oppretta Kirke-, utdannings- og forskingsdepartementet ei arbeidsgruppe som skulle sjå på framtidig innhald og organisering av dei kommunale musikk- og kulturskulane. Arbeidsgruppa vart leia av Odd Eikemo. I rapporten konkluderast det mellom anna med at

musikk- og kulturskuletilbodet bør vera så omfattande, at tal elevar tilsvarer 30 prosent av grunnskuleelevarne i landet. Tilboden skal omfatta både musikkopplæring og opplæring i andre kulturuttrykk og det bør være tilsett ein leiar/rektor ved skulen (Eikemo, 1999). På dette tidspunkt hadde mange kommunar gått over til å kalle musikkskulane for musikk- og kulturskular, då det var blitt vanleg å ha tilbod om meir enn berre musikkopplæring. I løpet av 90-talet vert musikk- og kulturskulen meir synleg, mykje grunna i NRK sitt «Godt musikkår» som vart sendt i romjula kvart år i perioden 1997 – 2008. Programmet henta mange av deltakarane frå musikkskulefeltet. Kulturskulen har vorte meir synleg og Norsk kulturskoleråd lanserer slagordet «Kulturskole for alle» (Hofsli et al., 2013).

2.3 Utvikling på 2000-talet: kulturskule eit godt etablert tilbod

I 2002 var det registeret kulturskule i 410 av landets kommunar. Erfaringane frå denne tida syner at det har blitt utvikla gode tilbod i ulike delar av landet, og lokale tradisjonar har sett sitt preg og profil på innhaldet. Grunna i den opne lovteksten er det variasjonar i omfang og tilbod, og det har vore viktig å sikre denne lokale handlefridommen (Meld. St. Nr. 19, 2001-2002).

2.3.1 Kulturskule for alle barn som ynskjer det; Kulturskoleløftet

Regjeringa Stoltenberg la i 2005 fram Soria Moria–erklæringa med kulturløftet 1. Her var visjonen for kulturskulane at alle barn skulle ha eit tilbod om plass i kulturskule og dette til ein rimeleg pris. Kulturløftet vert følgt opp i Kulturløftet II i 2009, der det står i punkt 4.:

«Det skal gjennomføres et kulturskoleløft slik at alle barn som ønsker det får et kulturskoletilbud av god kvalitet til en rimelig pris. Dette skal sikres ved statlige stimuleringsmilder og en solid kommuneøkonomi. Utviklingen av et mer omfattende kulturskoletilbud i tilknytting til SFO/skole skal utredes. Det skal være rom for ulik lokal organisering av kulturskolen. Det skal legges til rette for synlinggjøring av kulturskolen og for talentutvikling».

I forlenginga av Kulturløftet II oppnemnde Kunnskapsdepartementet eit utval, Kulturskuleutvalet, som fekk i oppgåve å sjå på kva mogleikar og utfordringar det ligg i ei styrking av samarbeidet mellom kulturskulen, grunnskulen og SFO. Utvalet vart leia av Hans Ole Rian. Utvalet leverer sin rapport «Kulturskoleløftet - Kulturskole for alle» i september 2010. Der kjem dei med fleire innstillingar/tilrådingar, mellom anna: kulturskuleutviklinga

må også fokusere på eldre elevar, mange mogleikar for samarbeid og særleg potensialet som ligg i samarbeid med SFO og at det bør prioriterast midlar til forsking på kulturskulefeltet. Utvalet meiner og at det er naudsynt med ei forskrift til lova og sterke statleg budsjettstyring for kulturskulen. Skal ein nå målsetjinga om at alle barn som ynskjer det skal få eit kulturskuletilbod av høg kvalitet til ein rimeleg pris, må dei økonomiske rammene for kulturskulen styrkjast. Utvalet peiker og på innføring av makspris, dette for å hindra at elevar fell utanfor grunna økonomi.

2.3.1.1 Kulturskuletimen

For å setta i verk måla frå Kulturløftet II, innførte regjeringa Stoltenberg II hausten 2013 gratis kulturskuletime for alle elevar på 1. – 4. trinn. Ordninga skulle organiserast av kommunane, finansiert med ekstraløyving frå regjeringa. Dette tilbodet var varsle i Meld. St. nr. 10 (2011 – 2012) Kultur, inkludering og deltaking, og det var blitt gjennomført prøveordningar i utvalde kommunar i 2012. Ordninga var knapt komen i gang før den vart lagt ned. Ved regjeringsskifte i 2014 vedtok Solberg-regjeringa å kutta midla til gratis kulturskuletime. Ideen om kulturskuletime lever likevel vidare i nokre kommunar, men då finansiert ved eigne midlar og som oftast i tett samarbeid med grunnskule/SFO (Berge, et. al, 2019).

2.3.2 Kulturskulen sin plass i rapportar, meldingar og utredningar

Utover 2000 – talet vert kulturskulen stadig omtala i ulike rapportar, stortingsmeldingar og ulike utredningar, noko som praksisfeltet opplever som særstak positivt. Det kan synast som at kulturskulen har etablert seg som ein viktig aktør innan kunst- og kulturopplæringa.

I Kulturutredningen 2014 (NOU 2013: 4) er kulturskulen omtala i fleire samanhengar. Mellom anna kan ein lesa at det er høge politiske forventningar til kulturskulen si rolle i det lokale kulturlivet og at dei kommunale kulturskulane er av uvurderleg betyding for kulturaktivitetar og kulturarbeid i heile landet. Kulturskulen vert framheva som eit viktig bidrag til den kulturelle grunnmuren i landet (NOU 2013: 4, s. 253).

Som fylgje av tiltak fremma i Meld. St. 20 (2012 – 2013) På rett vei, vert det av Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet oppnemnd ei ekspertgruppe som skal vurdera kunst og kultur i opplæringa. Gruppa skal sjå på, analysera og koma med tilrådingar

og råd i forhold til kunst og kultur for barn og unge i skulen, barnehagen og i tilknyting til opplæringa elles. Ekspertgruppa konkluderer med gje ti råd til kulturministeren og kunnskapsministeren, der nr. 9 handlar om kulturskulane og rådet er: Lag tydeligere profil for kulturskolesatsinga (Birkeland, E., 2014, s. 65).

Kulturskulen sorterer under Kunnskapsdepartementet, grunna forankring i opplæringslova, men kulturskulen er også av stor betydning for kulturlivet. Kulturskulen er omtala i fleire meldingar og analysar som omhandlar kultur generelt, t.d.; Kultur får elevene til å blomstre (Proba samfunnsanalyse, 2013), Elevenes læring i fremtidens skole (NOU 2014: 7), Skaperglede, engasjement og utforskertrang (Kunnskapsdepartementet, 2019) og Organisering og kompetanse i kommunal kultursektor (Telemarksforskning, 2019). Gjennomgåande i desse er at kulturskulen vert omtala som ein viktig aktør og arena for opplæring innan kunst- og kulturfag for barn og unge, samt kulturskulen sin funksjon som kulturell ressurssenter i den einskilde kommune.

2.3.3 Eigen stortingsmelding om kulturskule

13. juni 2017 blei ein merkedag for kulturskulenoreg. Då fekk stortingspolitikarar frå Kristelig Folkeparti med seg fleirtalet på Stortinget til at det skulle lagast ei eiga stortingsmelding om kulturskulen. Etter som tida gjekk, vart det i 2018 gjort kjent at det likevel ikkje vart ei eiga stortingsmelding om kulturskulen, men at kulturskulen skulle få eit eige kapittel i ei felles melding om barne- og ungdomskultur (Ballade, 2018).

I samband med utarbeiding av barne- og ungdomskulturmeldinga får Telemarksforskning og NTNU i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet å skrive eit kunnskapsgrunnlag om norsk kulturskule. Resultatet vart Kultur + skole = sant (Berge, K. et al., 2019). Konklusjonane i kunnskapsgrunnlaget synar mellom anna at kulturskulen ikkje er for alle, at kulturskulen er både ein skule og ein fritidsaktivitet, kulturskulen er prega av lokale forhold og tradisjonar, kulturskulane er ulike men har dei same utfordringane og at kulturskulane søker meir politisk styring (Berge, K. et al., 2019, s. 13). Meld. St. 18 (2020 – 2021) Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn, er nærmare skildra i kapittel 5.

2.4 Norsk kulturskoleråd

Norsk kulturskoleråd er ein interesse- og utviklingsorganisasjon som arbeider for å fremja kvalitet i opplæringa innan kunst og kultur for barn, unge og vaksne, med utgangspunkt i dei kommunale kulturskulane. Norsk kulturskoleråd vart stifta i 1973, men heitte den gong Norsk musikkskoleråd. Kulturskolerådet har vore ein samlande og viktig organisasjon for kulturskulefeltet. Visjonen til Norsk kulturskoleråd er «Kulturskole for alle» og vidare at kulturskulen skal kjenneteiknast av høg kvalitet, rikt mangfald og ivaretaking av breidde og talent. I dag har kulturskulerådet tre fokusområde: styrkja kulturskulane si rolle i arbeidet med inkludering, flyktningar og utanforskap, utviklingsarbeid hjå kulturskuleeigarane og auka kommunane si rammeplanforståing. I 2020 var 346 av landets 356 kommunar medlemmar i organisasjonen. Norsk kulturskoleråd har vore og er ein viktig aktør for å fremma kulturskulefeltet sine interesser på nasjonalt nivå.

2.5 Rammeplanar for kulturskulen

Etter kvart som musikkskulen vart eit «vanleg» tenestetilbod i kommunane, kom og ynskja om å få rammer rundt drifta. Ein rammeplan som seier noko om organiseringa av tilbodet, kva fag skulen skal ha og korleis undervisninga skal leggjast opp, vart etter kvart sterke ynskje frå praksisfeltet. Fyrste rammeplan vart utvikla av Kommunenes Sentralforbund (KS) i 1989, og dei to neste er utforma av Norsk kulturskoleråd.

Rammeplan for musikkskulen, 1989, er utarbeida av Kommunenes Sentralforbund (KS) og har ein todelt struktur. Fyrst ein generell del som tek føre seg tema som musikkskulen i samfunnet, formål, oppgåver og innhald. Del to er ein undervisningsdel som tek føre seg ulike «fag-område» som musikk for førskuleborn, instrumental/vokalopplæring, samspel og kammermusikk og høyrelære/musikkteori. Vidare er det skildra at undervisinga skal ta utgangspunkt i eleven sitt nivå og at eleven si musikkoppleving skal setjast i sentrum: «*Selv om de (elevene) i starten behersker et lite antall musikalske virkemiddel, er det likevel viktig at de tidlig får oppleve sitt bidrag som et fullverdig musikalsk uttrykk*» (KS, 1989, s. 42).

I 2003 publiserte Norsk kulturskoleråd Rammeplan for kulturskolen – på vei til mangfold. Målet med planen var å gje kommunane eit verktøy i arbeidet med å utvikle eit breitt opplæringstilbod i kulturfag. Planen var tenkt å vera til hjelp for mellom anna kulturskulen sine lærarar, kommunen som skuleeigar og brukarane. Vidare skildrar planen kulturskulen sitt

hovudmål, samt elevsyn, læringssyn og samarbeid med heimen. Det er også en fagdel som tek føre seg dei ulike fagområda i kulturskulen: musikk, dans, visuelle kunstfag, skapande skriving og teater.

2.5.1 Rammeplan for kulturskulen – mangfold og fordjuping, 2015

Praksisfeltet og Norsk kulturskoleråd arbeider systematisk med utvikling av kulturskulen, både hva gjeld organisering, fagutvikling og skulen sin plass i det kommunale tenestetilbodet. Årsmøte til Norsk kulturskoleråd vedtok i 2012 å sette ned eit utval som fekk i oppgåve å utarbeida ny rammeplan for kulturskulen. Målet med planen var at den skulle gje tydelege skildringar av mål, innhald og arbeidsmåtar, samt peike på korleis kulturskulen kan tilby meir fleksibel organisering. Rammeplan for kulturskulen – mangfold og fordjuping, vart vedteke på årsmøte i Norsk kulturskuleråd i 2014. Planarbeidet denne gongen skil seg frå dei to tidlegare planane ved at det no vert lagt opp til å få lokale politiske vedtak rundt om i kommunane. I samarbeid med KS utviklar Norsk kulturskoleråd ei rettleatingsordning for kommunane, målet er at ordninga skal initiere kulturskuleeigarar og dei tilsette i kulturskulane til å arbeide med rammeplanen i sin fulle breidde og at dette skal skapa engasjement som kan fylgjast opp i lokale politiske vedtak.

Norsk kulturskoleråd har etablert ei eiga nettside der dei samlar all informasjon om arbeidet med rammeplanen. Planen har fire kapittel som skildrar 1. kulturskulen si verdiforankring, rolle i opplæringa og som lokalt ressursenter, 2. rammer, prinsipp og pedagogiske retningsliner, 3. det faglege og pedagogiske innhaldet for det enkelte undervisningsfaget og til sist eit kortare kapittel om tek føre seg kvalitetssikringssystem (Norsk kulturskoleråd, 2015, s. 5). Planen vidarefører dei fem fagområda som vart presentert i rammeplanen frå 2003; dans, musikk, skapande skriving, teater og visuell kunst. Det bør og nemnast at det i planen kjem fram ei forventning om kulturskulane si rolle i å førebu elevane til oppstart i studieførebuande utdanningsprogram (som musikk, dans og drama), samt til høgare utdanning innan utøvande verksemd (t.d. musikkonservatorium, kunsthøgskular og liknande).

Pr. i dag ligg det ikkje føre noko oversikt over kor mange kommunar som har fatta politisk vedtak på planen. Feltet, særleg uttrykt gjennom Norsk kulturskoleråd, har hatt store forhåpningar om at planen skulle kunne bli forskrift til lova, men i St. Meld. 18, Oppleve, skape, dele, kultur for, med og av barn, kjem det tydeleg fram at regjeringa ikkje ynskjer å gjera rammeplanen til eit påbod, dei ynskjer framleis at rammeplanen skal vera rettleiande.

3 Teoretiske perspektiv

Tema i oppgåva er opplæringslova § 13-6, lov om musikk- og kulturskule og korleis lova og praksisfeltet stiller seg til omgrepet rettsleg standard. I dette kapittelet vil problemstillinga bli forankra til teori. Teoriane vil og kunna belysa problemstillinga i frå ulike perspektiv. Sidan eg nyttar rettsleg standard som eit omgrep i oppgåva, lyt eg trekka inn teori knytt til juridisk metode (Lindøe et al., 2018) som kan forklare dette. Vidare har eg valt å trekke inn teori knytt til institusjonalisering, der Scott (2014) sitt analytiske rammeverk om dei tre institusjonelle pilarane får ein sentral plass.

3.1 Juridisk metode og rettsleg standard

For å få forståing av omgrepet rettsleg standard ynskjer eg i innleiinga av dette avsnittet å sjå på kva ein standard er, kva kjenneteiknar ein standard og kva vil dei seie at noko har blitt standardisert. Eg vil og seie noko om å regulere og regulering då dette også er omgrep eg nyttar i oppgåva.

Store norske leksikon definerer standard med at det er ein spesifisert eller etablert norm for korleis eit objekt eller ein funksjon skal vera. Ein kan og seie at standard er kjenneteikn og retningsliner ved system, kompetanse, prosessar og produkt. Ein standard kan forståast som ei undergruppe av allment delte forventningar og normer, og skil seg frå rettslege reglar ved at dei i utgangspunktet er frivillige (Lindøe et al., 2018). Ein standard kan vidare kjenneteiknast med at den gradvis veks fram gjennom samhandling mellom verksemder, som t.d. kommunar/kulturskular, og at dei etter kvart fungerer som eit instrument for planlegging og kontroll. Ein kan og seie at standardisering er ein inngang til å forstå utviklinga i samfunnet (Haugland, A., 2018).

Å regulera kan ha fleire betydingar, t.d. kan det bety å kontrollere eller styre ved hjelp av reglar eller lover, men det kan også bety å tilpassa og justera (Store norske leksikon).

Kommunane si plikt til å ha tilbod om musikk- og kulturskule vart regulert ved ei endring i opplæringslova i 1997. Dette kan tyda på at det i samfunnet var konstatert eit «problem» med eller, at det var for få rammer/reglar for drift av musikk- og kulturskule. Og vidare kva var det som var årsaka til dette «problemet», altså mangelen på rammer/reglar for musikk- og kulturskulane (Nordrum, 2019). Her ser me at det har oppstått trøng for å regulera og

kontrollera denne type verksemd, dette for å synleggjera kommunane si plikt til å ha musikk- og kulturskule.

3.1.1 Juridisk teori/metode

Juridisk metode handlar om det juridiske handverket og måten å fortolke rettsreglar på. Ein rettsregel er ei føresegn med utgangspunkt i lover og forskrifter. Rettsreglar er ikkje det same som ei språkleg forståing av teksten i ulike lover eller forskrifter. For å koma fram til innhaldet i ein rettsregel må ein gjera ei avveging mellom dei ulike rettskjeldefaktorane, der lovteksten er ein av fleire faktorar. Rettskjeldefaktorar er difor lover og forskifter, forarbeid til føresegna, rettspraksis, forvaltingspraksis, privat praksis, rettsoppfatingar og andre reelle omsyn. Nokre av desse rettsreglane er lite presise i si språklege utforming og i staden for å visa til konkrete løysingar kan dei setta krav til korleis resultatet skal oppnåast, men korleis ein skal oppnå resultatet seier ikkje lovgjevinga noko om. I juridisk teori kallast dette for ein rettsleg standard. Med andre ord er rettsleg standard ein rettsregel som ikkje er detaljert utforma i sjølve lovteksten, men som referer til forhold utanfor lovgjevinga når det skal takast stilling til om noko er rett eller urett, noko som tilseier at standarden vert mogleg å rettsleg etterprøvast (Haugland, A., 2018 s. 88).

3.1.2 Rettsleg standard – nært knyta til praksisfeltet

Det kan synast som om rettslege standardar tek betre vare på myndigheita sine mål om kvalitet enn om det hadde blitt formulert fullt ut i lovteksten/regelverket. Rettsleg standard byggjer på problemforståing, terminologi og løysingar som vert forstått og praktisert i fagmiljøa og praksisfeltet. Gjennom fagmiljøa si involvering i prosessen med å utvikle normer, får rettsleg standard større legitimitet enn regelverket som er basert på juridisk terminologi og logikk (Haugland, A., 2018, s. 96).

Grunna i at rettslege standardar er så nært knyta til praksisfeltet, vil dei stadig vera i ei grad av endring og vil difor ikkje bli «forelda». Innhaldet i dei rettslege standardane vil i så måte endra seg i takt med utviklinga i praksisfeltet. Haugland (2018) trekker og fram at kjerna i rettslege standardar kan bestå av ulike rammer og normer t.d. fagkompetanse, organisering, bemanning, skildringar (prosedyrar) og utstyr. Utviklinga av musikk- og kulturskulefeltet har skjedd uavhengig av lovverket, sidan lov om kulturskule kom etter at dei fleste kommunane i landet hadde etablert musikk- og kulturskule. I denne utviklinga kan det synast å ha etablert

seg ein rettsleg standard for drift av denne type skule. I kapittel 6, vert rettsleg standard drøfta opp mot funn frå dokumentanalysar, statistikk og intervju.

3.2 Institusjonalisering

Den historiske gjennomgangen av kulturskulen (kap. 2), syner at skuleslaget har vore i ei tydeleg utvikling, frå å ha ei sporadisk og kanskje tilfeldig organisering til å bli organisert inn i faste rammer eller former. Norsk akademisk ordbok definerer å institusjonalisere slik; å gjera til ein (fast) institusjon og bringa inn i faste former. Bukve (2012) skriv: «*institusjonar kan sjåast som eit sett av sosiale praksisar som er regulerte av underliggjande tankemønster, normer, verdiar, konvensjonar og reglar som definerer kva som er høveleg åtferd.*

Institusjonar gir dermed retning til og retningslinjer for menneskeleg handling.»

Som definisjonen over syner kan institusjonalisering bety at noko har blitt gjort fast eller lagt i faste rammer. I denne samanheng er dette «noko» musikk- og kulturskuleverksemd i Noreg. Musikk- og kulturskulen kan sjåast på som ein institusjon som skapar orden og mening for aktørane/praksisfeltet, samstundes som det har oppstått eller blitt definert kva som kan vera forventa høveleg åtferd for aktørane (jf. Selznic i Bukve, 2012). Olsen (2016) trekker fram at teikn på institusjonalisering kan vera at det i institusjonen (i vårt tilfelle, musikk- og kulturskulen) har oppstått ein aukande konsensus (samsvar) om korleis reglar skal forklarast og legitimerast, at det er tilført ressursar som vert rutinisert og etter kvart teke for gitt og at det har skjedd ei aukande einigheit og klarheit om fordeling av rollar og åtferd. I tillegg vil både historia og institusjonens «indre liv» påverka utvikling, slik at institusjonen stadig vil vera i endring (Olsen, 2016).

3.3 Scott og dei tre institusjonelle pilarane

Sentralt i institusjonell teori og organisasjonsvitenskap står Scott (2014) sine tre institusjonelle pilarar. Scott er ein amerikansk sosiolog og kjent for si forsking på forholdet mellom organisasjonar og deira institusjonelle miljø. Scott sine tre institusjonelle pilarar (2014) kan nyttast som eit analytisk rammeverk for å forstå utvikling eller endring av ein organisasjon, institusjon, reform eller eit eller anna som enten har vore stabilt eller endra seg. I denne oppgåva vil eg nytta dette rammeverket for å analysere utviklinga av kulturskulen og ei eventuell utvikling av ein rettsleg standard for kulturskulen.

Scott (2014) definerer ein institusjon som noko som kan vera konkret eller abstrakt, ein sosial konstruksjon som er motstandsdyktig og som består over tid. Institusjonane er berarar av ulike system, relasjonar og rutinar som saman gir stabilitet, men kan og vera subjekt for justeringar og endringar over tid. Grunna i at institusjonane er så stødige merkast ikkje gradvise endringar i noko særleg grad. I kva grad institusjonane etterlever dei ulike systema, rutinar osb. er med på å skapa legitimitet i institusjonen.

Scott (2014) skildrar tre element eller pilarar som kan sjåast på som byggjesteinar som utgjer ein institusjon. Pilarane er likeverdige, men ein kan sjå dei som eit kontinuum, noko som heng saman frå det formelle til det me tek for gitt. Pilarane kan og kvar for seg, eller i lag peika på trekk som fungerer regulerande og stabiliserande på institusjonane. Vidare kan ein og sjå på pilarane som prosessar som er med på å skapa stabilitet og meinings i ein institusjon. (Glosvik, Ø., 2002).

Scott kallar dei tre pilarane for den regulative, den normative og den kulturelt-kognitive pilaren. Den regulative pilaren handlar om reglar og lovar, element som regulerer handlingar og at handlingane er i samsvar med reglane. Den normative pilaren handlar om det sosiale, om forventningar, mål, normer og åtferd. Til sist den kulturelt-kognitive pilaren som omhandlar røyndommen og at ein vidarefører det ein trur er best, gjerne basert på det andre har gjort før oss. Dette heng saman med viktigheita av å skapa felles identitet. Sentralt i Scott sin teori er at alle organisasjonar treng sosial aksept for å overleve og at alle pilarane gir grunnlag for eller svar på ulike former for legitimitet, og legitimitet er noko som er formålstenleg og ynskjeleg.

Dei tre institusjonelle pilarane (Scott, 1995 i Jacobsen & Thorsvik, 2013)			
	Regulativ	Normativ	Kognitiv
Grunnlag for press	Lovgjeving	Verdiar og forventningar	«Tatt for gitt». Oppfatningar om kva som bør gjerast
Grunnlag for tilpassing	Tvang	Sosial forplikting	Ønske om å etterlikna
Grunnlag for legitimitet	Formell godkjenning	Moralsk aksept	Ein der det som vert oppfatta som rett/riktig
Døme	Regulering og kontroll Byråkrati	Standardar for personalhandsaming	Organisasjonsoppskrifter

Fig. 1

Oppsettet i tabellen synleggjer tydleg dei tre pilarane og korleis institusjonen er «avhengig» av samspelet mellom dei. Eg opplever og at oppsettet skildrar kulturskulen som institusjon og dei ulike sidene ved kulturskulen som fenomen. Kulturskulen er, slik eg opplever det, opptatt av, og stadig på søken etter legitimitet. Dette kan kanskje skuldast den noko «lause» lovgjevinga og at praksisfeltet strebar etter å synleggjera rolla den har både i kommunane, men og på landsbasis. Det kan synast som om at forventningar og åtferd i praksisfeltet, jf. den normative pilaren, kan ha ført til utvikling av rettsleg standard. Eg opplever at musikk- og kulturskulane har klare teikn på å ha blitt institusjonalisert og formalisert. Dette vert vidare drøfta i kapittel 6.

4 Design og metode

I forskingsarbeidet lyt ein ta stilling til korleis arbeidet skal organiserast for å få svar på dei spørsmåla ein har stilt seg. Design for oppgåva seier difor noko om kva, kven, kor og korleis arbeidet vert organisert og lagt opp (Thagaard, 2018). For å få svar på det eller dei spørsmåla ein har stilt seg, må ein nytta ein metode for å løyse dette. Metode handlar difor om dei val ein må ta for å få gjennomført forskinga/studien (Kvale et al., 2015).

4.1 Kvalitativ forskingsdesign

I denne studien nyttar eg ein kvalitativ forskingsstrategi. Grovt sett skil me mellom to forskingsdesign, på den eine sida kvantitativ som er basert på talmateriale og kvalitativ som baserer seg på tekstmateriale (Ringdal, 2018, Thagaard, 2015). I kvalitativ forskingsstrategi legg ein opp til å fordjupa seg i, og gjennomføra intensive analysar av dei fenomena som vert undersøkt (Thagaard, 2015). Ein kvalitativ forskingsstrategi passar godt til eksploderande undersøkingar av fenomen og forhold det i liten grad er forska på, og vidare at forskinga kan vera basert på få informantar og einingar (Ringdal, 2018). I studien tek eg utgangspunkt i offentlege dokument om musikk- og kulturskule på nasjonalt og kommunalt nivå (dokument frå dei utvalde kommunane) og analyserer desse. Vidare kombinerer eg funna i desse med intervju av kulturskulerektorar i dei utvalde kommunane. Eg har også innhenta informasjon om tilsyn i kulturskular frå statsforvaltarane, samt henta informasjon frå tilgjengeleg og relevant statistikk t.d. GSI-rapporteringa. Den historiske gjennomgangen (kap. 2) gir også nyttig bakgrunnsinformasjon til analysane av dei ulike dokumenta og intervjuja.

Eg har vurdert ein induktiv kvalitativ forskingsstrategi, som kjenneteiknast av at ein set seg djupt inn i det materialet som skal undersøkjast og gjennomfører t.d. intervju og/eller analysar for å forstå innhaldet i materialet (Ringdal, 2018). I arbeidet mitt fant eg derimot ut at eg måtte søkja noko «breiare» og har difor nytta ei abduktiv vinkling. I abduktiv vinkling tolkar ein funn og data i lys av eksisterande teori, samstundes som ein søker utvikla ny teori på grunnlag av djuptgåande og systematiske analysar (Thagaard, 2015).

4.1.1 Hermeneutisk tilnærming

I eit vitskapleg perspektiv er oppgåva skriven ut i frå ei hermeneutisk tilnærming.

Hermeneutikk kan definerast som læra om fortolking av tekstar, og at ein gjennom ei hermeneutisk tilnærming ynskjer å forstå korleis dei involverte individua oppfattar hendingar

og fenomen ut i frå eit perspektiv som er forankra i ein konkret stad og tid (Egholm, 2014, s. 90). Bukve (2021) skriv om hermeneutisk forskingslogikk, og trekker fram at det i tolkinga av funna vil vera eit spørsmål om å sjå det enkelte fenomen i lys av den kontekst det inngår i. Ein må sjå funna gjennom å fokusera på eit djupare meiningsinnhald enn det som kan sjåast som naturleg eller innlysande.

4.2 Kvalitativ metode

Eg har arbeidd ut i frå ein kvalitativ metode, og har nytta intervju og dokumentanalyse i arbeidet. Kvalitativ metode kjenneteiknast med at det er tekst eller intervju (nedskrive i tekstform) som i størst grad vert nytta og at forskaren tolkar teksten sitt meiningsinnhald på grunnlag av dei verkemiddel som er nytta i teksten (Thagaard, 2015). Problemstillinga i oppgåva er *eksplorerande*, der hovudmålet er å skildra korleis kommunane forstår og praktiserer opplæringslova § 13-6, lov om musikk- og kulturskule. Ringdal (2018) peikar på at kvalitativ metode passar godt til eksplorerande undersøkingar og forhold det har vore lite forska på (Ringdal, 2018, s. 25), noko som er tilfelle i min studie. I arbeidet har eg nytta ei open og fleksibel tolkingsramme for analysane mine, det vil seia at eg har arbeidd ut i frå at det kan vera ein eller fleire moglege samanhengar som eg bør undersøkja før ein endeleg konklusjon, jf. Bukve 2021.

4.2.1 Dokumentanalyse

I dokumentanalysar må forskaren vurdera og ta stilling til kva dei ulike typane av dokument kan gje informasjon om, og kva dokument som er særleg viktige å utforska i samband med problemstillinga som er gitt. Det er også viktig å vurdera dokumentet sin autensitet; er dokumentet ekte og kan me stola på at dokumentet er skrive av den som er oppgjeve som opphavsmann? Ein lyt og vurdera dokumenta sin truverdigheit og om me har tillit til den informasjonen dokumenta gir oss (Thagaard, 2015, s. 119).

Dokumenta som er innhenta til bruk i denne oppgåva er i all hovudsak utskrifter frå ulike politiske vedtak, interpellasjonar og liknande, i tillegg til stortingsmeldingar, proporsjonar og rapportar. Slik eg vurderer det, har alle dokumenta god validitet (gyldigheit). I dokumentanalysane har eg kategorisert funna og prøvd å finna samanhengar og likskapar mellom dei. I desse analysane var det viktig å gjera eit kritisk utval av tekstar, og vurdera i kva grad dei var relevante for problemstillinga mi. Eg har vurdert dokumenta si truverdigheit

og vurdert dei ut i frå den konteksten dei er skrivne i. Sjå meir detaljar kring utval av dokument i kap. 4.3.2 Val av dokument.

4.2.2 Intervju

Sentralt i oppgåva er funna frå dei gjennomførte intervjua. Intervjua vart utført som semistrukturerte intervju (Kvale et. al, 2015), på denne måten var det rom for både improvisasjon og høve til å trekke inn andre tema. Erfaringane syner at dette var med på å forsterka og belysa dei ulike fenomena som vart undersøkt og diskutert. Eit kvalitativt forskingsintervju søker finna kvalitativ kunnskap uttrykt i normalt språk. Intervjuet skal sikte mot å nyansera skildringane av den som vert intervjua sitt syn på verda, gjennom ord og ikkje tal (Kvale et. al, 2015, s. 47).

4.3 Gjennomføring av dokumentanalyse og intervju

For å finna svar på problemstillinga og forskingssprømåla valde eg å gjennomføre fleire dokumentanalysar og intervjuer rektorar/leiarar i utvalde kulturskular. Forskingsarbeidet har ei klar tredeling: A) intervju med kulturskulerektorar, B) analysar av kommunale dokument, politiske vedtak m.m. som seier noko om musikk- og kulturskule og C) analysar av relevante nasjonale dokument, føringar og strategiar som omhandlar musikk- og kulturskule.

4.3.1 Val av referansekomunner

Slik problemstillinga er utforma er det ei forventninga om å skildra korleis kommunane forstår og praktiserer opplæringslova § 13-6, men i dette forskingsarbeidet kan eg ikkje analysere alle landets kommunar. Eg har difor gjort eit utval av kommunar. Kvalitativ forsking kan vera basert på få element og informantar (Ringdal, 2018, Kvale et. al., 2015) og på bakgrunn av dette har eg valt ut sju kommunar til studien. For å få eit representativt utval om kommunar var det fleire faktorar eg tok omsyn til i utveljinga, mellom anna; kommunestørleik, geografi og kjønnsbalanse blant kulturskulerektorane. I tillegg måtte eg ta nokre praktiske omsyn med tanke på gjennomføringa av intervjua.

Gjennom styrearbeid i Norsk kulturskoleråd har eg fått eit breitt nettverk av kulturskulerektorarar og det var gjennom dette nettverket eg rekrutterte kommunane som er med i studien. Eg laga ei prioritert liste over aktuelle kommunar og tok kontakt med kommunane etter denne. Fyrste kontakt med kommunane var via kulturskulerektorane, på e-

post, der eg inviterte til ein uformell prat om prosjektet. Eg opplevde rask respons frå dei fleste kommunane og fekk gjennomført uforpliktande samtalar i løpet av kort tid. Etter ein to vekers periode var det gjort avtalar med alle dei sju aktuelle kommunane.

Alle dokument og innhenta informasjon, både nasjonalt og lokalt er offentlege dokument og informasjon som er tilgjengeleg for alle. Eg har valt å anonymisera referansekommunane/kulturskulerekotorane, dette fordi målet er å få ei skildring og oppleving av korleis kommunane praktiserer oppdraget med kulturskule, og det er ikkje relevant å vita kva kommune som gjer kva. Grunna i dette, er også dei kommunale dokumenta anonymisert. Under er ei oversikt over dei deltagande kommunane.

I tabellen har eg kategorisert kommunane etter geografi og tal innbyggjarar, tal elevplassar i kulturskulen og kor kulturskulen er organisert i kommunen. Når det gjeld definisjon av kommunestorleik har eg tenkt slik: liten kommune = under 3 000 innbyggjarar, mindre kommune = inntil 15 000 innbyggjarar, mellomstor kommune = inntil 30 000 og større kommune = over 30 000 innbyggjarar.

Referansekommunar			
Kommune	Geografisk/storleik	Tal elevplassar i kulturskulen (ca.)	Organisatorisk plassering i kommunen
A	Mindre kommune på austlandet	250	Oppvekst/skule
B	Større kommune på austlandet	1 500	Kultur
C	Mellomstor kommune på vestlandet	600	Kultur, idrett og frivilligheit
D	Mindre kommune på vestlandet	300	Kultur, idrett og fritid
E	Større kommune på vestlandet	650	Kultur, idrett og fritid
F	Liten kommune på vestlandet	120	Oppvekst/skule
G	Mellomstor kommune på vestlandet	450	Oppvekst/skule

4.3.2 Val av dokument

«Ved å analysere politiske dokument, kan vi forstå endringer og kamper i samfunnet» (Asdal & Reinertsen, 2020). Eg opplever Asdal og Reintersen si skildring av dokumentanalyse som

særs samanfallande med mi søken etter å finna samanhengar og forståing i utviklinga av kulturskulen som fenomen og som eit kommunalt tenestetilbod.

Dokumenta som er nytta og analysert i studien kan grovt delast i to grupper. Det er «nasjonale» dokument som seier noko om musikk- og kulturskular på eit overordna nivå, og så er det kommunale dokument som skildrar ulike tema som angår musikk- og kulturskulen i den einskilde kommune.

Dei nasjonale dokumenta er leita fram frå ulike arkiv og databasar, mellom anna Stortinget sitt historiske arkiv og Regjeringa si nettside. Vidare er det henta material frå Stortingsmeldingar, proporsjonar, utredningar og rapportar. Når det gjeld innsamling av dokument frå kommunane har det blitt gjort i dialog med den einskilde kommunen. Nokon kommunar har hatt lett tilgang til materialet via kommunen sine eigne nettsider og arkivsystem, medan andre kommunar måtte kontakta fylkesarkiv/interkommunale arkiv. For å skaffa dokumenta måtte eg i nokre kommunar be om innsyn i saker som omhandla musikk- og kulturskulen i kommunen og erfarte i desse tilfella god dialog med kommunane.

4.3.2.1 Gjennomføring dokumentanalyse

I dokumentanalysen har eg søkt etter grunnar for kvifor og korleis kulturskulen har utvikla seg slik den har gjort. I dei nasjonale dokumenta har fokuset vore å finna argumentasjonar og strukturar som kan seie noko om kvifor organiseringa av kulturskulen ser ut slik den gjer i dag, og særleg interessant har vore å finna grunngjeving for utviklinga av lova.

I dei kommunale dokumenta har eg særleg sett på politiske vedtak, dette for å få eit overblikk over kva saker som omhandlar kulturskule har blitt løfta politisk. Vidare har eg strukturert, kategorisert og gruppert funna etter desse tema: oppstart/stiftingsdokument, organisering, forankring i det kommunale planverket, samarbeidspartnarar, målsetjingar, opplæringslova § 13-6 og kommunen sitt forhold til rammeplan for kulturskulen.

I gjennomføringa av dokumentanalysane har informasjon henta frå Grunnskulen Informasjonssystem (GSI) vore til stor hjelp. GSI er skildra nærare i kap. 5.3.7. Eg har også innhenta informasjon om tilsyn i kulturskulane frå statsforvaltarane og Utanningsdirektoratet.

4.3.3 Intervjua

I intervjeta har eg kartlagt kulturskulerektorane si oppfatning av kulturskulen sin plass i kommunen og korleis dei oppfattar sin eigen posisjon i forhold til utviklinga av kulturskulen. Eit kvalitativt forskingsintervju søker å innhente kvalitativ kunnskap uttrykt gjennom eit normalt språk, intervjuet siktar mot nyanserte skildringar av den som vert intervjeta si livsrøysnle (Kvale et al., 2015). Før eg gjekk i gang med intervjeta søkte/meldte eg i frå til Norsk Senter for Forskingsdata (NSD) og fekk godkjenning på den planlagde handsaminga av personopplysingar, sjå vedlegg.

4.3.3.1 *Intervjuguide*

På bakgrunn av problemstilling og forskingsspørsmåla utarbeida eg ein intervjuguide. Eg har strukturert intervjuforløpet meir eller mindre stramt jf. Kvale et. al. (2015, s. 162). I intervjuguiden valde eg å lage nokre tematiske spørsmål som var utgangspunktet for alle intervjeta. I tillegg hadde eg laga ei rekke med oppfølgingsspørsmål, i tilfelle me i intervjuet ikkje naturleg kom innom alle sidene. Tabellen under synar tema og dei tematiske spørsmåla (heile intervjuguiden ligg under vedlegg).

Tema	Tematisk spørsmål
Bakgrunn	Kor lenge har du vore leiar/rektor kulturskulen?
Opplæringslova § 13-6	Kva forhold opplever du at kommunen har til opplæringslova § 13-6?
Kommunale dokument og politiske vedtak/henta frå kommunen sitt arkiv	I kva grad var du kjent med dokumenta og innhaldet i dei?
Utvikling av kulturskulen: mål, tilbod og organisering	Kan du fortelje om bakgrunnen for at kulturskulen har dei tilboda den har i dag?
GSI-rapportering	Korleis opplever du GSI-rapporteringa?
Rammeplan for kulturskulen (Norsk kulturskoleråd 2015)	Korleis nyttar kulturskulen/kommunen rammeplanen?
Opplæringslova § 13-6 og framtida	Kva tankar har du om opplæringslova i tida som kjem?

4.3.3.2 *Gjennomføring av intervjeta*

Intervjeta vart gjennomført i november og desember 2022, og alle vart tatt opp med bruk av lydoptakar/diktafon. I forkant av intervjeta hadde eg samla inn samtykke frå alle deltakarane.

Planen var å gjennomføra fem av intervjua fysisk og to digitalt, men erfaringane frå fyrste digitale intervju var så gode at desse planane vart endra. Det enda med at to intervju vart gjennomført fysisk (kommune D og F) og fem vart gjennomført digitalt.

Etter gjennomføringa av intervjuha har eg transkribert alt. Eg valde å skriva ned alt og ikkje gjere eit utval. Kvale et. al., 2015, definerer transkripsjon med ei konkret omdanning av munnleg samtale til ein skriftleg tekst. For å få gjennomført dette arbeidet nytta eg avspeling frå Windows Medioplayer på sakte fart, og skreiv ned intervjuha ut i frå det. Ved ein slik transkripsjon mister ein mellom anna tonefall og uttalar som kan ha vore ironiske, ein lyt difor vera merksam på dette i tolkinga av teksten i etterkant. I mitt høve har eg i transkripsjonane uthøva og markert tekst som er av slik karakter.

4.3.4 Etikk og kvalitetsvurderingar

Gjennom arbeidet med masteroppgåva har eg tatt fleire etiske avvegingar, særleg i samband med intervjuha. Her har eg informert deltakarane om formålet med intervjuet, høve dei har til når som helst å trekke seg frå studien, samt innhenta skriftleg samtykke, jf. meldeskjema til NSD (sjå vedlegg). Vidare har eg informert deltakarane om korleis eg har anonymisert dei og kommunane.

I forskingsarbeidet lyst ein gjera ulike kvalitetsvurderingar, mellom anna stilla spørsmål med om funna er relevante i forhold til problemstillinga og om funna er pålitelege. Studien eller forskinga sin reliabilitet og validitet er omgrep som vert nytta på dette. Reliabilitet seier noko om pålitelegeita i studien og om andre forskrarar ville koma fram til same svar om dei nytta same metode, materiale og målemetode. Validitet skildrar styrkja og gyldigheita i studien, og om studien faktisk undersøkjer eller måler det studien seier den skal undersøkja eller måla (Ringdal, 2018, Kvale et. al., 2015). Bukve (2022) trekker fram viktigheita av at forskinga bør ha det han kallar *ekstern validitet*, med det meiner han at slutningar og årsakssamanhangar i studien må kunne generaliserast frå den aktuelle undersøkinga og over til andre situasjonar.

I samband med transkripsjon av intervju bør ein stille seg spørsmålet om transkripsjonen er påliteleg og truverdig. Det kan t.d. vera vanskeleg å skilja når ein setning sluttar og når neste startar, likeins kva som vert sagt med ein humoristisk undertone, slike nyansar forsvinn i transkripsjonen og dette må forskaren vera bevisst (Kvale et al., 2015). Som nemnd tidlegare har eg tatt slike omsyn og vore bevisst dette i gjennomføringa av studien.

I både dokumentanalysane og intervjuet har det vært viktig for meg å sikre at forskinga har god kvalitet, slik at resultatet og forståinga kan vera relevant for andre og i andre samanhengar, jf. Thagaard (2015).

5 Funn og analysar av dokument og intervju

I problemstillinga ynskjer eg å få svar på og belysa korleis kommunane forstår og praktiserar opplæringslova § 13-6. Vidare ynskjer eg å sjå om det kan vera element i denne praksisen som tydar på at det har etablert seg ein standard for drifta og om denne kan kallast ein rettsleg standard. Dette kapittelet har tre delar der eg trekker fram funn i intervjuet, i kommunale og nasjonale dokument og til sist funn og statistikk frå GSI-rapporteringa og kommentarar frå statsforvaltaren.

5.1 Funn frå intervjuet

Eg har arbeidd som kulturskulerektor i 15 år (2006 – 2021) og det var difor med ei viss spenning eg gjekk i gang med intervjuet. Det var viktig for meg å ikkje la mine erfaringer påverke intervjuet, men samstundes er det mi erfaring frå feltet som ligg til grunn for heile denne oppgåva. I løpet av intervjuet slo det meg at rektorane snakkar veldig likt og samstemt om mange tema, dette uavhengig av geografi og storleik på kommunen. Rektorane si oppfatning av rolla si og kulturskulen sin plass i det kommunale systemet liknar i hovudtrekk kvarandre.

5.1.1 Bakgrunn til deltakarane

I intervjuet kjem det fram at alle rektorane i referansekommunane har grunnutdanning innan musikk og pedagogikk. Fem stykk (A, B, C, D, og F) er utdanna faglærar i musikk frå musikkonservatorium/høgskule og to (E og G) er utdanna allmennlærar med musikk. Vidare har tre master/hovudfag (B, D og E), men berre ein av dei tre (B) har master/hovudfag i leiing/administrasjon. Vidare har fem (A, B, C, F og G) av rektorane vidareutdanning innan leiing.

Alle rektorane har musikkfagleg bakgrunn. Heile fem stykk har messingblås som hovudinstrument, dei andre har slagverk og piano som sine instrument. Ei slik overvekt av rektorar med musikkfagleg bakgrunn kjem og fram i rapporten *Kultur + skule = sant* (Telemarksforsking, 2019). Dette kan henga saman med at kulturskulane tidlegare var «reine» musikkskular og at musikkfaget såleis har dominert og truleg vil dominere ei tid framover (Telemarksforsking, 2019). Mine erfaringar er og at påtakeleg mange kulturskulerektorar har bakgrunn frå skulekorps, av referansepersonane har heile seks av sju slik bakgrunn.

Referansepersonane har arbeidd som rektor frå 7 til 25 år. Før dei tok til som rektor har dei arbeidd som lærarar i grunnskulen, lærarar i kulturskulen, distriktsmusikar, korpsdirigent, DKS-koordinator (Den kulturelle skulesekken), organisasjonsarbeid (Norges Musikkorps Forbund) og frilansmusikarar.

5.1.2 Tankar kring opplæringslova § 13-6

Referanserekotorane er samstemte i at det er viktig at kulturskulen er heimla ved lov og dei er einige i at lova er noko lausleg. Lova har eigentleg ikkje har noko praktisk betydning i kvardagen, men dei påpeikar tydeleg at lova er viktig for dei. Dei uttrykker vidare at dei brukar lova i ulike samanhengar som t.d. i budsjettforhandlingar, då kan det vera viktig å nemna at kulturskulen er lovfesta, slik at det ikkje vert for store kutt. Vidare seier ein rektor (B) at det er viktig å bruka lova fornuftig, og vite når ein skal bruka den og når ein ikkje skal gjera det, for lova kan jo slå tilbake andre vegen også. Får politikarane forståing av at ein ikkje treng det store/breie tilbodet som ein har i dag, sidan lova ikkje seier noko om det, så kan det verka mot si hensikt. Det gjeld å vera pedagogisk når ein nyttar lova. Det kan og synast som om alle rektorane er redde for at det skal bli kutt i kulturskulane sine, sjølv om det sjeldan vert det. Erfaringane viser at det generelt er lite kutt i kulturskulane, og at kulturskulane lever godt under denne lova.

Ein rektor (F) trekker og fram at kulturskulane har eksistert i mange år før lova kom, og seier at lova ikkje har noko betydning for dei: «*Kulturskulen er ikkje her fordi det er lovpålagt, me er her fordi dei (kommuneleiinga) ser på det som ein naturleg del av lokalsamfunnet*». Ein anna rektor (A) uttrykker seg slik: «*Loven fungerer, men det er ikke loven som blir brukt, det er vi (kulturskuletilsette) som har veldig bevissthet rundt merkevarebygging, og da er det hjertet som taler og ikke loven*».

Rektorane har nokså lik oppfatning av kva forhold kommunen, administrativ og politisk nivå, har til lova. Rektorane opplever at kommunane eigentleg ikkje har noko forhold til denne lova, nærast eit perifert forhold til den. Likevel har alle ei oppfatning av at dei sjølve har ei rolle til å informera om at lova er der og at dei uttrykker dette på ulike måtar.

5.1.3 Tankar kring utviklinga av kulturskulen i din kommune

Referansepersonane har særlik oppfatning av sin posisjon som leiar i kulturskulen og den påverknad dei har for utviklinga av skulen. Dei fortel om stor grad av sjølvstende så lenge dei held budsjetttrammene. Alle uttrykker at det er dei som bestemmer og legg føringar for drifta av kulturskulane. Fleire (A, C, D, E og G) påpeikar at dei opplever at administrasjonen i kommunen ikkje har «peiling» på kva kulturskulen held på med og at det i kommuneadministrasjonen generelt sett er liten kompetanse innan kunstfag. Ein rektor (C) saknar meir styring og opplevde på eit tidpunkt å føra ei skuta som var heilt på fri flyt og at ein ikkje ante kor ein var på veg, og at nærmeste leiar meinte at så lenge du held budsjettet så kan du gjere som du vil. Rektorane er samde i oppfatninga av at dei har stor tillit hjå sin nærmeste leiar. Ein annan rektor (B) fortel: *«Jeg har eit rammebudsjett, så det er jo på en måte ikke noen innblanding eller føringar fra verken rådmann eller politikaren i forhold til type tilbud. Så da opplever jeg at jeg sånn sett har full frihet til å etablere tilbud innen det rammebudsjettet vi har fått da – og innenfor det jeg vurderer som kjernefaga i kulturskolen, og da tenker jeg på musikk, visuell kunst, drama/teater og dans».*

Det kjem fram at ein del utvikling skuldast tilfeldigheitar. Det avhenger av kven som bur i kommunen og kva instrument eller kunstuttrykk dei kan. Den eine rektoren (D) seier det slik: *«Det er eg som styrer – som har fått idear, trur eg, og så er det litt sånn kva folk som har vore tilgjengelege – det er nok litt sånn at faga har utvikla seg i takt med det . . ja det er fordi at då kom det ein som kunne spela saksofon hit, så fekk han litt jobb her og så har det liksom bygd seg litt opp».* Alle rektorane trekker fram at det (diverre) er noko personavhengig om eit tilbod vert populært og får utvikla seg eller ikkje, dette er nok spesielt for dei litt mindre kommunane, der folk er tettare på kvarandre og ting vert meir ein «snakkis» og dette kan påverka i alle retningar.

Elles kjem det fram at det arbeidast med utvikling på ulike måtar, nokon samarbeider tett med grunnskular og barnehagar, for andre er tett samarbeidet med frivilligheita viktig, der særleg korps vert trekt fram. Vidare fortel to av rektorane (A og G) at dei siste tida har søkt arbeida med profesjonsutvikling og har fått god hjelp frå t.d. skulekontoret i kommunen.

5.1.4 Referanserektorane si oppleveling av GSI-rapporteringa

Kulturskulane må rapportere på tal elevar, skulepengar, årstimar, årsverk og tilsette. I rapporteringa som gjeld elevane skal kulturskulane oppgi kor mange elevar dei har på dei

ulike fagområda: musikk, visuelle kunstfag, teater, dans og eventuelt andre kunst- og kulturuttrykk. Dette kan opplevast som at det har utvikla seg ei norm eller ein standard for kva fag den kommunale kulturskulen skal ha tilbod om, og som er meir detaljert enn lova. Det har vekse fram ein standard som kommunane etterlever, og dei leverer breie fagtilbod i sine kulturskular. I samtalane med referanserekotorane kjem det fram at dei opplever GSI-rapporteringa som viktig. Dei opplever ikkje at dei vert målt på noko vis, eller at det er ei forventning om at dei skal ha elevar på alle dei ulike fagområda. «*Eg setter null med god samvit*», som ein rektor (C) uttalar det.

To av rektorane (B og E) uttrykker at dei ikkje syns rapporteringa treffer heilt, og at det difor kan vera vanskeleg å fylla ut. Dei opplever at deira kulturskule ikkje «passar» inn i skjemaet. Dette handlar om korleis ein skal telja elevane og vidare at rapporteringa ikkje tek opp spørsmål knytt til volumet og omfanget av drifta av skulane. Rektorane fortel at dei nyttar tala frå GSI-statistikken, både for å synleggjera kva dei er gode på, men og kva dei ikkje er gode på. Alle rektorane kommenterer at dette er statistikk dei nyttar aktivt, særleg i samanheng med budsjettforhandlingar.

5.1.5 Tankar kring Rammeplan for kulturskulen – mangfald og fordjuping

I 2015 publiserte Norsk kulturskoleråd Rammeplan for kulturskulen – mangfald og fordjuping, etter eit omfattande forarbeid. Planen har ikkje stortingsvedtak. Det er opp til kommunane sjølv å bestemme om dei vil fatte lokale politiske vedtak på den.

Referanserekotorane har noko ulik oppfatning av rammeplanen, og fleire uttrykker at den ikkje betyr noko særleg i kvardagen, men at det kan vera greitt å ha den i bakhand. To av referansekomunane (A og G) har eit veldig tydleg forhold til planen, og nyttar den i det dageleg arbeidet. Det kan synast som dei då nyttar idéane og hovudlinene frå planen, og ikkje alle detaljane i fagplandelen. Av desse to kommunane er det berre ein av dei (G) som har politisk vedtak i kommunen, den andre (A) har ikkje «brydd» seg med å få slik vedtak.

Rektorane er samde i at det er vanskeleg å ta i bruk heile rammeplanen. Den er for omfattande og for detaljert, og dei opplever å miste noko av den friheita dei har i det dageleg om dei skal styre heile drifta etter planen. Vidare er det berre ein av rektorane (G) som kunne tenkt seg at denne rammeplanen var forskift til lova. Dei seks andre meiner den er for omfattande og at

det ikkje vil vera realistisk. Alle meiner det godt kunne vore ein rammeplan som var forskift til lova, men då i ein anna form enn planen slik den ligg føre i dag.

Det kan synast som om Rammeplanen vert nytta på same måte som lovteksten; den kan vera grei å trekka fram i ulike skriv og i argumentasjon i samband med t.d. budsjett, men i kvar dagen betyr den ikkje så mykje. I diskusjonen kring kulturskulen sin rammeplan er det nærliggande å sjå til liknande planar, og då peikar Rammeplan for Skulefritidsordninga, SFO (Utdanningsdirektoratet, 2021) seg ut. SFO og kulturskule har nokre likskapstrekk, t.d. er det frivillig å delta og det er krav om brukarbetaling (no har det rett nok frå 01.08.2022 vore gratis tilbod for elevar på 1. trinn nokre timer i veka, men elles er det brukarbetaling for tilboden). Rammeplan for SFO er forskrift til lova og vart gjort gjeldande frå 01.08.2021. Rammeplan for SFO er lite detaljert, men legg likevel premiss for korleis kommunane skal drifta tilboden. Frå kulturskulen sitt synspunkt kan dette synast noko underleg at SFO har fått rammeplan som forskift til lova, men ikkje kulturskulen.

5.1.6 Opplæringslova § 13-6 i framtida

I spørsmålet om opplæringslova § 13-6 og framtida, er rektorane noko usamde. To rektorar (D og F) er heilt tydlege på at dei vil ha lova slik den er i dag. Ein tredje (C) vil også eigentleg det, men nemnar at det kanskje burde stått noko om kva fag kulturskulane skal ha, slik at ein kan kvalitetssikra at fag som vert starta opp høyrer inn under det ein kan definera som kunst- og kulturfag. Dei andre rektorane (A, B, E og G) ynskjer at lova skal seie noko om ressursar eller lærarnorm. Det burde vore noko i lovteksten som indikerte noko om omfanget, kanskje om tal på disipliner, samt at ein burde hatt med noko om forpliktingar til å ha tilbod om fordjuping, det burde også stått noko om kompetansekrav for tilsette i kulturskulen.

I samtalane eg har hatt med rektorane skin det gjennom at dei ynskjer denne friheita dei har, samstundes som dei ynskjer meir styring. Denne dualismen kjem og til uttrykk i Telemarksforsking sin rapport frå 2019 (Berge, 2019). Vidare uttrykker rektorane at dei ikkje er så «redd» for sin eigen kommune, då dei fleste opplever å ha ein god posisjon der, og at deira kommune villa ha «tålt» å fått fleire lovriterier/føresegner. Medan dei utrykker at andre kommunar, utan å nemne kven desse andre er, ville fått det vanskeleg i å oppfylle lovkravet om det var fleire føresegnar i lova.

I Meld. St. 18 (2020 – 2021), Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge, understrekar Stortinget at kommunane må kunna bestemma innhaldet i og omfanget av tilbodet, slik at det blir rom for å tilpassa det lokalt (Meld. St. 18 (2020 – 2021) s. 69). Slik det kjem fram av meldinga, vil det ikkje bli noko forskrift eller meir tekst i samband med lova.

5.2 Funn i gjennomgang av dokument frå referansekommunane

Innhenting av dokument og politiske vedtak som omhandlar musikk-/kulturskulane var tidkrevjande. Nokre av kommunane har gått grundig til verks og funne fram ei rekke dokument som omhandlar musikkskule og/eller kulturskule. Fire av dei sju referansekommunane (B, C, E og F) har vore gjennom kommunesamslåing i perioden 2019/2020. I innhentinga av dokument frå desse kommunane har eg nytta dokument frå den største kommunen før samanslåing.

Det er mykje informasjon å henta i dokumenta frå kommunane. Funna er strukturert ut i frå desse temaane: oppstartsdokument/stiftingsvedtak, organisering, fysiske rammer (lokale), fagleg utvikling, rammeplan og korleis kommunane synleggjer opplæringslova § 13-6 i dokumenta. Til sist er det eit avsnitt der eg har sett på korleis kulturskulane vert synleggjort på nettsida til kommunen, samt kulturskulen sin plass i det kommunale planverket.

5.2.1 Oppstartsdokument/stiftingsvedtak

Felles i oppstartsdokumenta er at kommunane har brukt noko tid på å starta opp musikkskulane, og at det har blitt gjennomført ulike kartleggingar av det lokale musikklivet og trongen for denne type tilbod. Fem av referansekommunane (B, C, D, F og G) har brukt om lag eit år på kartlegging, og å få saka opp til politisk handsaming. For fire av kommunane (B, D, F og G) skjedde dette på tidleg/midten av 70-talet, medan det for den femte kommunen (C), først vart gjennomført på midten av 80-talet. Kommune A starta prosessen i 1982, men musikkskulen såg ikkje dagens lys før i 1994. Den siste kommunen (E) har ikkje lukkast i å skaffe denne type dokument.

Dei kommunale vedtaka er mykje like i utforming, og den vidare kartlegginga består av skildring av musikklivet i kommunen, nasjonale trendar (døme frå kommunar som allereie har etablert musikkskule), økonomisk oversikt/utkast til budsjett, forventninger til elevmengde

samt nokre tankar om kva instrument ein skal tilby opplæring på. For fleire av kommunane er samarbeid med skulekorpsa trokke fram som viktig.

Under er det eit utkliipp frå kommune F si utgreiing frå 1975. Utkippet syner ei tidstypisk halding til musikk, og korleis dei den gong tenkte om å legga til rette for fritidsaktivitetar for barn og unge. Liknande tekster er å finna i fleire av kommunane sine forarbeid til endeleg vedtak om etablering av musikkskulane.

III. Musikken og samfunnet.

Den tekniske utviklinga i åra etter siste krig har m.a. ført med seg at langt fleire menneske enn før får kontakt med ymse former for kunst og kulturaktivitetar. Ikkje minst gjeld dette for musikk og song som vert gjort tilgjengeleg via platespelarar, kasettspelarar, bandspelarar m.v.

Samstundes som ein kan glede seg over framføringer på eit høgt profesjonelt nivå, må ein medgje at fåren for passivisering er nærliggjande.

Men det er ikkje berre negative trekk i biletet. Nettopp i denne tida med auka tilbod av "mekanisk musikk" har ein hatt den store framvoksteren av skulemusikkkrørsla i Norge. Rett nok kan ein seie at det har vore slagside i retning av blåsemusikk, men dette er likevel ei positiv verksemd, sett både frå kulturell og sosial synsstad. Aukande fritid for born, ungdom og voksne skal helst fyllast med aktivitetar som har meinings, om ikkje fritida skal verta problem både for den einskilde og samfunnet.

Song og musikk interesserer dei fleste, men manglande høve til opplæring har stengd mange ute frå gledeskapande eigenaktivitetar her.

Det er ingen tvil om at eigenaktivitetten representerer eit stort kulturaktivum i lokalsamfunnet og den må difor hjelpast fram med dei midlar som er til rådvelde.

Dei røynslene ein har hausta der musikkskulalar er oppretta, syner at dei har førd med seg stor auke i song- og musikk-aktivitetane, og er spreidd utover eit større spekter enn det ein finn på stader utan musikkskulalar.

5.2.2 Organisering

Referansekommunane si organisering av kulturskulane er noko ulike pr. i dag. I følgje informasjon henta frå kommunane sine heimesider er tre av kommunane (A, F og G) organisert under skule/oppvekst, medan dei fire andre (B, C, D og E) er organisert under kultur (her er variantar som kultur, idrett og fritid eller berre kultur). I oppstartsdocumenta kjem det fram at alle (unnateke kommune E, som manglar dokumentasjon) er organisert under det dei på 70- til 90-talet kalla skulestyret. I gjennomgangen av dokumenta har det ikkje lukkast å finne dokumentasjon på når endring frå skulestyre til oppvekstsektor eller kultursektor skjedde, truleg har dette vore administrative vedtak og er difor ikkje referert i dei politiske vedtaka.

5.2.3 Fysiske rammer (lokale)

Det kjem fram av dokumenta at undervisinga i musikkskulane i starten var lagt til grunnskulane i kommunane. Det står lite om kor administrasjonen ligg, men truleg var det så naturleg at den låg på kommunehuset/rådhuset at det ikkje har vorte nemnd i saksutgreiingane. I dokumenta etter år 2000 dukkar det opp saker som omhandlar kulturskulen si lokalisering, og alle referansekommunane kan vise til politiske saker der lokalisering har vore tema. Analysane syner tre modellar for dei fysiske rammene: kulturskulen har eigne lokale (C), kulturskulen har eigne lokale i kulturhus (B, D og E), og at kulturskulen har sambruk med grunnskulen, der delar av lokala er «berre» kulturskulen sine, medan andre delar er i sambruk (A, F og G). Saker om lokale til kulturskulen har vore til politisk handsaming i alle referansekommunane.

5.2.4 Fagleg utvikling

Fra 2011 og fram til i dag har kommune A, B, D og F hatt saker om utvikling av kulturskulen oppe til politisk handsaming. Gjennomgåande i desse sakene er ynskje om å utvikla nye fagtilbod, auka elevplassar i allereie eksisterande tilbod, fokus på kvalitet i undervisinga, tankar kring elevsyn og organisering av tilbodet m.m. Eit fellestrek i sakene er ynskje om auka økonomiske rammer, korleis ein kan legga til rette for nye fagtilbod og korleis ein kan nå ut til fleire elevar. Kommunane fattar vedtak på planen, men dverre vert ikkje vedtaka følgt opp i budsjettprosessane.

5.2.5 Lokale vedtak på Rammeplan for kulturskulen

Norsk kulturskoleråd har sidan 2015 hatt ein uttalt agenda om å få kommunane til å fatte lokale politiske vedtak på planen, dette grunna i mangelen på nasjonalt vedtak på rammeplanen. Referansekommunane har hatt ulik tilnærming til dette. Fire kommunar, C, D, F og G har fatta lokale politiske vedtak på at rammeplanen vert lagt til grunn for drifta og den vidare utviklinga av kulturskulen. Kommune B, hadde politisk vedtak på planen før kommunesamanslåing, men har ikkje fatta nytt vedtak etter samanslåinga. To kommunar A og E har ikkje hatt sak om rammeplan oppe til politisk handsaming.

Eit interessant funn frå kommune A, er at dei i sitt oppstartsdokument frå 1994 legger til grunn at den kommunale musikkskulen skal drivast etter «Rammeplan for kommunale musikkskoler» (KS, 1989). Ingen andre av referansekommunane har synleggjort tankar om å nytte ein rammeplan i sine oppstartsdokument.

5.2.6 Synleggjer kommunane opplæringslova § 13-6 i lokale dokument?

Gjennomgangen syner at kommunane berre i enkelte høve viser til opplæringslova § 13-6 i dokumenta. Kommune B¹, C, D, F og G har fatta lokale vedtak på Rammeplan for kulturskulen - mangfald og fordjuping, viser alle til lova i saksframlegget. Kommune A, B og D har alle vedteke ein utviklingsplan/temaplan for kulturskulen, i planane er opplæringslova § 13-6 nemnd, men den er ikkje trokke fram i saksutgreiinga. I dokument/saker som omhandlar kulturskulane sine lokale/fysiske rammer er det ingen av kommunane som viser til lovheimelen. Kommune B og F skil seg ut med at dei har fleire saksframlegg der det vert vist til opplæringslova § 13-6. Ut i frå materialet som ligg til grunn i denne oppgåva, har desse to kommunane (B og F) generelt hatt fleire saker oppe til politisk handsaming enn dei andre kommunane.

5.2.7 Kulturskulen sin plass i det kommunale planverket

I samband med dokumentanalysen har og kommunane sine nettsider vorte gjennomgått. Alle kommunane har gode og informative nettsider om tilboda og korleis ein søker om plass. Informasjon om brukarbetaling, ordningar med moderasjon og friplassar er og generelt sett godt synleg.

For heilskapen til oppgåva er det av interesse å sjå korleis kulturskulen vert synleggjort i dei overordna kommunale planane. Fem kommunar, A, C, D, E og F, er omtala i kommuneplanane sin samfunnsdel og fem kommunar, B, C, D, E og F, er omtala i kommunane sin økonomiplan. Kommune C, D, E og F er nemna i begge desse overordna planane, medan kommune G ikkje er nemnd i nokon.

5.3 Funn i nasjonale dokument

Det har vore interessant og spanande å leita fram nasjonale dokument som seier noko om etablering og rammer for drift av musikk- og kulturskular på landsbasis. Tankane og idéane om denne type skule kan synast å vera ganske like i dag, som dei var på tidleg 70-tal, berre ordlyden er noko endra. Eg vil trekka fram helsinga frå Kyrkje- og undervisningsminister Kjølv Egeland frå 1978, i boka «Musikkskolen» (Bjørgan et al., 1978):

¹ Kommune B har vedtak på rammeplan i «gamal» kommune, men ikkje etter samanslåing i 2020.

«Jeg ønsker til lykke med den samfunnsgjerning som musikkskolene gjør – og jeg takker for godt strev fra ivrige folk. For musikk er jo selvfølgelig en samfunnssak. Den er et fellesie og et særeie. Den er en ensom ting og et unisont brus».

I kap. 2 har eg skildra korleis kulturskulen oppstod og korleis den etablerte seg som eit kommunalt tenestetilbod. I den vidare analysa har eg trokke fram, det eg opplever som sentrale dokument, som seier noko om musikk- og kulturskulen sin plass i eit nasjonalt perspektiv, både kva gjeld økonomiske rammer og lovforankring, samt musikk- og kulturskulen sin plass i utdanning- og kulturpolitikken.

5.3.1 Interpellasjon frå Kjell Magne Bondevik

Som me ser av den historiske gjennomgangen i kap. 2, er organisering og økonomi eit tema som går igjen i den offentlege debatten om musikkskulen på 70-talet. Eit gjennombrot for musikkskulesaka var når stortingsrepresentant Kjell Magne Bondevik (Krf) i februar 1980 kom med ein interpellasjon til Kirke- og undervisningsministeren:

«Kommunale musikkskoler er av sentral betydning for å gi barn og ungdom innføring i og opplevelse av musikk. Av særlig interesse er erfaringene fra forsøkene i Trondheim, Bjugn og Sandens, der musikkskolen integreres i grunnskolen, opptakene er opne og kontingensten lav. Imidlertid har både disse og andre musikkskoler økonomiske vansker, og betalingsordningene er ulike. Vil departementet gå inn for en statsstøtte til kommunale musikkskoler?»

I debatten som følgde argumenterast det for at ei styrking av musikkskulen og vil vera ei styrkinga av den ordinære musikkundervisninga i grunnskulen. Vidare må tilbod om musikkskule bli gjort tilgjengeleg for alle. Ei ordning om statsstøtte vil stimulere til at kommunar lettare kan lukkast med å etablera musikkskular, og bidra til meir føreseieleg rammer for drift. Debatten endar med at forslaget vert oversendt regjeringa, og i samband med handsaminga av statsbudsjettet for 1982 vart det løyvd 5 mill. kr i øyremerka midlar til musikkskulane. I 1985 er statstøtta auka til kr 10,5 mill. (KS, 1985). Det var knytta fleire kriteria for tildeling av desse midla, mellom anna ei øvre grense for brukarbetaling.

5.3.2 Dugstadutvalet

Kirke- og undervisningsdepartementet oppretta i 1988 eit utval som skulle analysere og vurdera musikkskulane si utvikling og verksemd. Utvalet skulle også fremma forslag om vidare utvikling av skuleslaget. Utvalet vart leia av Bodil S. Dugstad. Utvalet konkluderer med at kommunal musikkskuleverksemd er eit undervisningstilbod kommunane står fritt til å oppretta, og at tilboden er, og bør vera, eit supplement til det obligatorisk skuleverket. Grunna i dette finner utvalet det vanskeleg å foreslå ei lov som vil påleggje kommunane å oppretta musikkskule. Dei ynskjer heller ei rammelov om musikkskuleverksemda, då dette vil sikra den økonomiske sida av drifta. Vidare tek rapporten opp tema som nivå på skulepengar/kontingent, rettigheitar for tilsette i musikkskulane, kompetansekrav, distriktsmusikarordning (delte stillingar mellom undervisning og utøvande musikar) og rammeplan for musikkskulen. I tillegg vert det nemnd mogleikane for å utvida musikkskulen sitt musiske tilbod med mellom anna fleirkulturelle musikkaktivitetar, ballett og folkedans (Dugstad, 1989). Dugstad-utvalet foreslo/tilrådde i 1989 å legge lov om musikkskule inn under lov om grunnskule, men, i St. meld. Nr 40 (1992 – 1993) ... vi små en alen lange, konkluderer kyrkje-, utdanning- og forskingsdepartementet slik: «*Dugstadsutvalets forslag om musikkskolens nære tilknytning til skolen slutter departementet seg til, men vil på det nåværende tidspunkt ikkje forankre musikkskolen i lovverket*» (s. 64).

5.3.3 Lovforankring

I Ot.prp. nr. 21 (1993 – 94) vedtok Stortinget at departementet skulle vurdera ei lovfesting av dei kommunale musikkskulane, dette i samband med revisjon av grunnskulelova i 1995. I NOU (1995:18) som omtalar ny lovgiving om opplæringa heiter det: «*Flertallet mener at det vil tene musikkskolene og de ulike instansers ansvar og arbeid om musikkskolene forankres i lovverket. Flertallet ber departementet i den forestående videre revisjon av grunnskoleloven ta opp og vurdere lovfesting av de kommunale musikkskolene*

Vidare kan ein lesa i same NOU 1995:18, s. 19:

«*En lovregulering av musikkskolene kan tenkes gitt i form av en bestemmelse om adgang for kommunene til å organisere slike tilbud, noe som ville ha liten eller ingen rettslig betydning ved siden av kommunenes adgang til i alle fall å iverksette slike tilbod. En annen mulig form – regel om plikt for kommunene til å tilby musikkundervising utenfor skolen – vil føre til kostnader som det ligger utenfor utvalgets mandat å foreslå. Til dette kommer spørsmålet om lovregulering av*

musikkskoler etter utvalgets syn helst bør vurderes i samanheng med spørsmålet om lovregler om andre aktivitetstilbod for barn og unge, f. eks kunstskoler, og om skolefritidsordninger. Noen bredere utredninga av disse spørsmål har utvalget ikke hatt anledning til å foreta».

For Norsk kulturskoleråd er utviklinga av lova eit viktig og prioritert arbeid og i 1997 vart dei kalla inn til eit dagnadsmøte, med mål om å skrive eit lovforslag. 5. juni 1997 vedtok Kirke-utdanning- og forskingskomiteen lovtekstforslaget frå Norsk kulturskoleråd. Lova vart sanksjonert 17.07.1998. Lova vart lagt til opplæringslova kapittel 13. Ansvaret til kommunen, fylkeskommunen og staten, og fekk denne ordlyden: Opplæringslova § 13-6 Musikk- og kulturskuletilbod: *Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skoleverket og kulturlivet elles.*

I tillegg til opplæringslova § 13-6 første ledd er det tre andre føresegner i opplæringslova som gjeld for musikk- og kulturskulane, det er om tilsyn frå statsforvaltaren § 14-1, krav om politiattest og yrkesforbod § 10-9 og § 15-1 som informerer om forvaltningslova. Opplæringslova § 13-6 er ikkje omfatta av kompetansekrav (§ 10-6 og § 10-2), og heller ikkje rektorkravet i § 9-1.

5.3.4 Frå øyremerka midlar til rammeoverføring

Musikkskulane, seinare kulturskulane, fekk øyremerka midlar over statsbudsjettet frå 1982. Etter at lov om musikk- og kulturskule kom i 1997 meiner Kirke-, utdannings og forskingskomitéen at det er viktig å sikre den lokale handlefridomen, og understrekar at kommunane sin kreativitet og nytenking er viktig i utviklinga av kulturskulen. På bakgrunn av dette innstiller dei i Innst. S. nr. 131 (2003 – 2004) at det øyremerka tilskotet til musikk- og kulturskular vert innlemma i rammetilskotet til kommunane, gjeldande frå 2004. Kommunane vil på denne måten stå friare til å innføra meir fleksible løysingar for brukarbetaling, og til å innføra mellom anna graderte betalingssatsar. I same innstilling kan ein lesa at komiteen ser at framveksten av kulturskulane er med på å byggja positive nærmiljø, og at kulturskulen er ein stor ressurs for det lokale musikklivet. Kulturskulen representerer eit «anna» skuleslag der elevane opplever å lukkast gjennom positiv utvikling av eigen kompetanse og ferdigheitar. Komiteen trekker fram at mange kommunar på trass av låge statstilskot har satsa mykje på å gi barn og unge varierte tilbod gjennom kulturskulen (Innst. S. nr. 131, 2002 – 2003).

5.3.5 «Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn»

I mars 2021 kom Meld. St. 18 (2020 – 2021) Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn. Noreg sin fyrste stortingsmelding om barne- og ungdomskultur. Meldinga har eit eige kapittel om kulturskulen, kap. 8 Ein styrkt kulturskole for framtida, her kan ein mellom anna lesa at regjeringa vil:

- styrkja Utdanningsdirektoratet sitt arbeid med kulturskulen
- ikkje gjera Rammeplan for kulturskulen – mangfald og fordjuping, som forskift til lova
- at kulturskulen skal halda fram med å vera forankra i opplæringslova
- styrkja det kommunale planarbeidet slik at kulturskulen vert eit tverrgåande tema i planarbeidet etter plan- og bygningslovar § 11-2
- styrkja samarbeid mellom kulturskulen og grunnopplæringa og oppmoda kommunane til å utnytta potensialet kulturskulane har som inkluderande kraft i lokalsamfunnet.

Kulturskulen bør inngå i fleire av kommunen sine tenesteområde og kommunane bør nytta spesialkompetansen som kulturskulane har på ein ny og anna måte.

5.3.6 «Skaperglede, engasjement og utforskertrang»

I strategien «Skaperglede, engasjement og utforskertrang» som Kunnskapsdepartementet la fram i 2019, er kulturskulen nemnd heile 117 gongar i det 44 siders lange dokumentet.

Strategien omhandlar praktisk og estetisk innhald i barnehage, skule og lærarutdanning.

Kunnskapsdepartementet har klare ambisjonar og målet for strategien er å styrkja dei praktisk estetiske faga i skulen og barnehagen, styrkja den praktisk estetiske kompetansen og profesjonsfellesskapet i skule og barnehage, samt betre rekrutteringa av lærarar med praktisk og estetisk fagkompetanse. I dei definerte måla for strategien er ikkje kulturskulen nemnd, men kulturskulen vert trokke fram som ein samarbeidspartnar for skular og barnehagar for å kunna nå måla som er sett. Strategien har ei klar oppfordring til kommunane om å stimulera til meir heilskapleg tenking og meir samarbeid mellom kulturskulane og barnehage, skule og SFO. Strategien peiker og på at det bør gjennomførast ei kartlegging av kompetansen til dei tilsette i kulturskulane. Dette er allereie gjennomført, då det i GSI-rapporteringa frå og med 2021 er kome inn eit eige punkt der kommunane skal svara ut utdanningsnivå til tilsette i kulturskulane.

5.3.7 GSI (Grunnskolens Informasjonssystem)

For å få ei oversikt over omfang av kulturskulledrift har eg henta statistikk frå GSI. GSI er eit system for registrering av opplysningar om grunnskulen, vaksenopplæringa og kulturskulen i Noreg. Rapporteringa vart fyrste gong gjennomført i hausten 1992, og kulturskulen har vore med i rapporteringa frå 2001. Det er Utdanningsdirektoratet (Udir) i samarbeid med Statistisk sentralbyrå (SSB) som legg premissa for kva data som skal samlast inn i GSI. Dei er og ansvarlege for innsamlinga, samt sørge for at innsamla data vert overført til KOSTRA (Kommune – Stat – Rapportering).

Kulturskulane må rapportera på tal elevar, skulepengar, årstimar, årsverk og tilsette. I rapporteringa som gjeld elevane skal kulturskulane oppgje kor mange elevar dei har på dei ulike fagområda: musikk, visuelle kunstfag, teater, dans og eventuelt andre kunst- og kulturuttrykk. Det skal og rapporterast kor mange som står på venteliste til dei ulike faga.

Ein gjennomgang av statistikkane frå nettsida til GSI, syner at kommunane leverer kulturskuletenesta etter lova. Fleirtalet av kommunane har fagleg breidd i tilboda sine. Figurane under syner kor mange ulike fagområde kulturskulane tilbyr opplæring i. Tala er henta frå 2006 (fyrste året kommunane rapporterte på ulike fagområde), og frå 2022 siste GSI- rapportering. Figurane syner berre tal på ulike fagområde og ikkje kva fagområde dette gjeld. Dei kommunane som berre har eit fagområdet, då er dette musikk. Ut over dette har eg valt å ikkje synleggjera kva fagområde kommunane har. Dette grunna i at det for studien sin del er interessant kor mange ulike fagområde kulturskulane har, og ikkje kva fagområde dette er.




Fig. 2




Fig. 3

Det kjem fram av figurane at tal kulturskular/kommunar som tilbyr opplæring i eit fagområde har vore stabil i perioden 2006 - 2022. Det er ein merkbar nedgang i kulturskular/kommunar med to fagområde og ei merkbar auke i kulturskular/kommunar som tilbyr opplæring i fire fagområde. Kulturskular/kommunar med tre fagområde har vore stabil i perioden, medan kulturskular/kommunar med tilbod om fem fagområde har auka noko.

For å danne eit bilet om kor mange elevar som går i kulturskulen er det i figuren under sett opp elevtalsutvikling frå 2001 og fram til i dag.

<i>Elevtalsutvikling i kulturskulen, heile landet, henta frå GSI</i>					
	2001	2006	2012	2017	2022²
Elevar	98 153	105 383	108 889	98 777	97 563
På venteliste	Ikkje registrert	23 146	28 081	24 366	23 905

Fig. 4

Figuren syner at både tal aktive elevar og elevar på venteliste auka frå 2001 til 2012, og at det dei siste 10 åra har vore ein tilsvarande reduksjon.

I overordna dokument og føringar kjem det til uttrykk at samarbeid mellom grunnskule og kulturskule er ynskjeleg, jf. kap. 5.3.1 og 5.3.5. I tabellen under er det sett opp tal årsverk som kulturskulane nyttar til undervisninga av kulturskulen sine elevar, årsverk som vert utført av kulturskulen sitt personale som går føre i ordinær grunnskuleundervisning eller i SFO. For ordens skuld er årsverk til administrasjon tatt med.

² Talet kan vera påvirkat av korona-pandemien, det har generelt vore meldt om nedgang i deltaking i fritidsaktivitetar i denne perioden.

Årsverk i kulturskulen, heile landet, henta frå GSI					
	2001	2006	2012	2017	2022
Årsverk til administrasjon	Ikkje reg.	352,81	385,37	407,02	414,83
Årsverk undervisning kulturskulen sine elevar	Ikkje reg.	1734,26	1 801,60	1 787,54	1 847,84
Årsverk som vert utført av kulturskulen sitt personale for elevar i grunnskule og SFO	Ikkje reg.	Ikkje reg.	84,03	77,89	86,75

Fig. 5

Figuren syner at det i perioden 2006 - 2022 har vore ei auke i tal årsverk til administrasjon og til undervisning av kulturskulen sine elevar. Vidare kan me lesa av tabellen at det totalt på landsnivå i 2022 berre er 86,75 årsverk av kulturskulen sine tilsette som underviser i grunnskulen og SFO, dette tilsvarar kring 4% av dei tilsette i kulturskulane.

5.3.8 Statsforvaltaren og tilsyn

I kap. 1.4.1 Om opplæringslova § 13-6 og kommentarar til den, kjem det fram av lova at musikk- og kulturskulane kan få tilsyn frå Statsforvaltaren. GSI tek ikkje opp spørsmål om dette og det har heller ikkje lukkast å finne anna statistikk på området. Eg har difor kontakta alle statsforvaltarane (10 stykk) og fått tilbakemeldingar på om dei kjenner til om det har vore ført tilsyn på musikk- og kulturskule. Eg har fått svar frå seks av dei ti statsforvaltarane; Vestland, Vestfold og Telemark, Møre og Romsdal, Innlandet, Rogaland og Trøndelag, alle melder om at det ikkje har vore ført tilsyn i kulturskular i deira fylke.

Utdanningsdirektoratet (Udir) melder at så langt dei kan sjå av innrapporteringar frå statsforvaltarane, kan dei ikkje sjå at det har vore ført tilsyn med opplæringslova § 13-6. Vidare informerer dei om at Udir heller ikkje har gitt nokon føringar om tilsyn på dette området. Utgangspunktet for tilsyn er risikovurderingar, og når dei skal anslå risiko, vurderer dei kor sannsynleg det er at eit krav i regelverket ikkje vert fylgt opp og dei då må vurdera konsekvensane av det moglege brotet på regelverket.

6 Drøfting

Problemstillinga i oppgåva har til hensikt å finna ut om kommunane si forståing og praktisering av opplæringslova § 13-6, lov om musikk- og kulturskule, kan definerast som ein rettsleg standard. Gjennom forskingsspørsmåla har eg søkt å belysa ulike sider av praksisen i kommunane, samt finna felles indikatorar som kan peika i retning av at det har utvikla seg ein rettsleg standard for kulturskuledrift. Som skildra i dei føregåande kapitla har eg gjennomført analysar av dokument, både kommunale og nasjonale, samt intervjuer med kulturskulerektorarar. På grunnlag av dette vil eg i kap. 6 drøfta og diskutera funna, samt sjå funna opp mot teoriane som er presentert i kap. 3.

Eg ynskjer å finne ut om det er element i overordna nasjonale dokument som kan opplevest eller tolkast som rettsleg standard, jf. forskingsspørsmåla. I kap. 3 skildrar eg rettsleg standard som ein rettsregel som ikkje er detaljert utforma i sjølve lovteksten (s. 24). Ein rettsleg standard byggjer mellom anna på problemforståing og løysingar som vert forstått og praktisert i fagmiljøa, og gjennom fagmiljøa si involvering i utviklinga av normene får den rettslege standarden ein større legitimitet enn sjølve regelverket.

6.1 Styrker og svakheiter i funna

I kap. 4.3.4 Etikk og kvalitetsvurderinger, skriv eg at ein i arbeidet med forskinga må stilla spørsmål med om funna er relevante og pålitelege, og om slutningane og årsakssamanhangane kan generaliserast. For at eg skulle kunna gjennomføra studien, var eg nøyt til å gjera eit utval av kommunar, og la dei representere heile kulturskulefeltet. Funna syner at referanse-kommunane er rimeleg einige og einsarta, både i intervju og i dokumentanalysane. Eg meiner difor at funna kan representere praksisfeltet generelt og legger dette til grunn i dei vidare drøftingane. Det kan likevel sjåast på som ein svakheit at ikkje fleire kommunar har vore med i studien. I funna frå analysane av dei overordna dokumenta ser ein derimot element som fell saman med funna frå referanse-kommunane som styrkjar validiteten og reliabiliteten i denne studien.

I den fylgjande drøftinga diskuterer eg funn frå to ulike perspektiv, intervju og dokumentanalyse og vurderer om det kan ha utvikla seg det ein kan kalla ein rettsleg standard for kulturskuledrift.

6.2 Kulturskulerektorane sitt perspektiv på opplæringslova § 13-6.

I intervjuet kjem det fram at rektorane opplever det som viktig og trygt at kulturskulen er heimla i opplæringslova, men samstundes uttrykker dei at lovheimelen ikkje betyr noko særleg i kvardagen. Alle referansekomunane hadde etablert kulturskule før lovfestinga kom, og det er nok med på å forsterka kommunane si halding til lova, jf. slik den eine rektoren uttalar det «*det er ikkje lova som gjer at kulturskulen finnes, men folka*». Eg opplever at denne oppfatninga synleggjer ei institusjonalisering av kulturskulen. Praksisfeltet har skapt orden og mening, og det har blitt ein klar struktur på drifta, jf. kap. 3.2. Kommunane, særleg ved kulturskulerektor i spissen, har utvikla system, relasjonar og rutinar for kulturskuledrift. Dette har over tid ført til ein stabilitet for drifta og vidare medverka til å legitimera kulturskuleverksemnda. Uavhengig av lova har kulturskulane blitt ein naturleg del av kommunen sitt tenestetilbod, jf. Scott (2014) sine institusjonelle pilarar.

Fire av dei sju referanserekotorane etterlyser ein fyldigare lovtekst. Dei peikar på at det hadde vore fint om lova sa noko om omfanget og tal på disiplinar. Dei er og tydelege på at dei ikkje ynskjer at Norsk kulturskoleråd sin Rammeplan for kulturskulen (2015) skal bli forskrift til lova. Eg forstår dette slik at rektorane vil ha eit regelverk som dei kan visa til, men som ikkje skal vera til hinder for slik dei meiner dei best kan drifte «sin» kulturskule. Det kjem vidare fram gjennom intervjuat kulturskulerektorane opplever at kommunane har utarbeida ein heilt klar og tydeleg praksis for kulturskuledrifta. Sett utanfrå kan dette sjåast som ei tydeleg etablering av ei norm eller ein standard for kva som er naturleg at kulturskulen skal innehalde, og korleis den skal vera organisert. Referanserekotorane er tydelege på at deira rolle og utøving av arbeidet har stor påverknadskraft. Organiseringa og drifta av kulturskulane kan synast å vera heilt og fullt delegert til rektor i kulturskulen, og så lenge ein held seg innan dei økonomiske rammene, kan ein nærast gjera som ein vil. I denne store friheita vel rektorane likevel å forme «sin» kulturskule slik den mykje liknar på andre kulturskular. Rektorane har eit felles ynskje om å nå ut til flest mogleg av kommunen sine barn og unge. Dei vil ha faglege breidde i tilboda, godt kvalifiserte lærarar, tett samarbeid med kor, korps, skular og barnehagar og dei vil samarbeida med frivillige lag og organisasjonar osb. Rektorane arbeidar tilsynelatande strukturert og systematisk ut i frå eit kriteriesett som ikkje er tydeleg definert i noko overordna dokument. Dette er tydeleg teikn på at praksisfeltet og fagmiljøet har etablert normer og standardar som ikkje er formulert i lovteksten eller regelverket, jf. skildringa av rettsleg standard i kap. 3.1.1.

I intervjuet vart det stilt spørsmål om rammeplan for kulturskulen og bruken av den. Funna viser at planen vert nytta i noko ulik grad og at rektorane oppfattar den som for detaljert og at det kan vera vanskeleg å få heile planen til å fungera i «sin» kommune. Rektorane snakkar om den fridomen dei har til å definere korleis kulturskulen skal vera hjå dei, og at dette samspelet med lærarar og brukarar er viktig; kulturskulen er ei blanding av skule og fritidsaktivitet. Denne to-delingsa av oppdraget kan opplevast som eit vanskeleg punkt for rektorane, då ein i skulesamanheng kan stilla større krav til utvikling og oppfølging mellom undervisningstimane, medan det i forhold til fritidstilbod ikkje er naudsynt med denne forventinga. Seks av dei sju intervjuata rektorane seier at planen er for omfattande og detaljert, og at dette kan opplevast som eit hinder for korleis dei vil drifta sin kulturskule. Men samstundes seier dei at planen er god å ha, særleg når dei skal argumentera for høgare budsjett og i «vanskelege» økonomiske situasjonar. Rammeplanen vert på mange måtar nytta på same måte som lovteksten; greitt å trekka fram i nokre høve, men betyr ikkje så mykje i kvardagen. Som funna viser er det berre ein rektor som brukar rammeplanen i det daglege arbeidet. Desse betraktingane seier noko om strukturen i organiseringa av kulturskuledrifta, og at det er element som peikar i retning av at det har etablert seg ein standard for skulen, og at det er ynskje om at desse normene skulle vore tydelegare kommunisert i lovheimelen. Samstundes er referanserekotorane klare på at dei ikkje vil ha sterkare styring, men vil ha høve til å bestemme sjølv. Vidare nyttar referanserekotorane heilt klart både rammeplan og lovheimelen for å legitimere og rettferdiggjere drift av kulturskulen i sin kommune.

Eg ynskjer å trekka fram referanserekotorane si uro for «dei andre», sidan det i løpet av intervjuet ikkje kom fram kven «dei andre» er. Det er gjennomgåande i samtalane at rektorane snakkar om utfordringar i eigen kommune, men det kjem likevel fram at det er mykje som går bra også. I denne samanheng nemnast t.d. økonomi og kutt i budsjett, ynskje om eigne og eigna lokale, tilgang på lærarkrefter og ev. innføring av rammeplan. Rektorane fortel om sine utfordringar, men dei framstiller det som at hjå andre er dette vanskeleg. Rektorane har ei oppfatning av at det eigentleg går ganske bra hjå seg sjølv, men at det er noko verre for «dei andre». Tal frå GSI er forholdsvis eintydige på at kommunane leverer kulturskuletenester på eit god nivå og at dei fleste kommunane har eit breitt fagtilbod og god aktivitet. Med andre ord kan det det synast som at alle kommunane leverer kulturskuletenesta etter lova, og at fleirtalet av kommunane har fagleg breidd i tilboda sine. Ser me kulturskulen utanfrå i eit overordna perspektiv, liknar kulturskulane mykje kvarande, og det kan opplevast som det berre er mindre variasjonar som utgjer forskjellane. I det store og heile opplevast

kulturskulane som forholdsvis like og at dei tilsynelatande lever godt med opplæringslova § 13-6, slik den er utforma i dag.

6.3 Institusjonalisering av kulturskulen?

Analysane av dokumenta frå referansecommunane syner at dei mykje samsvarar med dei nasjonale hendingane og den generelle historiske utviklinga av tilbodet. At samtida på 70-talet var strekt prega av sosial utjamning og tydelege ynskjer om å legga til rette for sunne og gode aktivitetatar for alle barn og unge. Dette kjem tydeleg til uttrykk i dokumenta som skildrar kommunane si etablering og oppstart av musikk- og kulturskuletilbod. Ut frå funna i analysane kan me lesa at kulturskulane liknar kvarandre, og at kommunane er opptekne av dei same elementa og difor utviklar forholdsvis like kulturskular. Det er likevel noko variasjonar i t.d. organiseringa av tilbodet, fagleg innhald og kva fysiske rammer kommunen stiller til disposisjon for kulturskulen.

Vidare er kommunane påtakleg like i si politiske handsaming av saker som omhandlar kulturskule, t.d. saker om kulturskulane sine utviklingsplanar. Utviklingsplanar vert godt tatt i

mot hjå politikarane og det vert fatta vedtak, men vedtaka vert ikkje følgt opp i

økonomiplanar og liknande, jf. slik referanserekotorane skildrar det i intervjuet (kap. 5.2.4).

Slik eg ser dette, føyer denne «trenden» seg inn i rekka av det kulturskulerekotorane opplever

ved at dei «står på», og styrer mykje som dei sjølv ynskjer, men ut over det er det få eller

ingen, korkje i administrativ eller politisk leiing som legg seg opp i drifta. Ser eg denne

opplevelinga til rektorane i forhold til Scott (2014) sine institusjonelle pilarar skin det gjennom

at rektorane har ei klar oppfatning av kva som skal gjerast og at dei gjer det dei oppfattar som riktig, rett og best ut i frå dei rammene dei har, slik det er skildra i den kognitive pilaren, jf.

kap. 3.

Ut i frå tal på politiske vedtak i kommunane, og rektorane si oppfatning av å ikkje bli prioritert i budsjettsamanhengar, skulle ein tru at det var lite utvikling i feltet. Likevel syner erfaringane at det jamt over har vore ein viss grad av utviding og auke i omfang av kulturskulane si drift, sidan oppstarten på 70-talet. Ser me til GSI rapporteringa og tabellen i kap. 5.3.6 viser dei til ei jann utvikling av både fleire fag i kulturskular og auke i årsverk. Eg synast å spora at rektorane si oppfatning av kommunane si prioritering ikkje heilt samsvarar med tala frå GSI-rapporteringa. Tala syner at det har vore ei auke i kommunar som har meir

enn to fagområde i sin kulturskule, og at tal årsverk har jamt auka sidan rapporteringa starta. Vidare hadde elevtala ei jamn auke frå 2001 til 2012, men det har vore ei svak negativ utvikling dei siste ti åra. Sjølv om elevtalet har gått ned siste tida, er ikkje tal årsverk redusert tilsvarande. Dette kan indikera at kulturskulane arbeidar på andre måtar, eller at dei har tilbod til ulike elevgrupper, prosjekt eller anna som ikkje er synleg i tal elevar. Men GSI-tala syner at det jamt over har vore vekst i tilboden, noko som tilseier at rammer må ha vorte auka for å få dette til. Kulturskulen må difor ha blitt prioritert i kommunane, sjølv om rektorane kanskje ikkje opplever det slik. Denne observasjonen kan knytast til rettsleg standard, sidan kommunane vel å prioritera kulturskulen ut i frå normer i praksisfeltet for å ivareta mål og kvalitetar som ikkje er definert i lovheimelen.

Ser me på kommunane sin bruk av opplæringslova i saksframlegg, er den noko avgrensa. Av dokumenta som er trokke fram i analysen, er det noko delt om kommunane bevisst nyttar opplæringslova i saksutgreiinga. På den eine sida er det rektor som veit om lova, og vel å nyttar den i ulike samanhengar, medan det på den andre sida kan synast som det er administrasjonen i kommunen opplever at lova ikkje er relevant og difor ikkje tek den med saksutgreiinga. Dette opplever eg som eit døme på at kommunane har etablert kulturskulen som eit kommunalt tenestetilbod, og at kommunane er godt nøgde med det. Det er difor ikkje naudsynt å påpeika at kulturskulen er lovheimla. Den er blitt sjølvsagt.

Som skildra i kap. 5.1.5 har fire av referansecommunane politiske vedtak på at Rammeplan for kulturskulen (Norsk kulturskoleråd, 2015) skal vera førande for drifta. I saksutgreiingane syner alle kommunane til at kulturskulen er heimla i opplæringslova, dette vel eg å tolka som at kommunane er klar over lovheimelen og nyttar den der det er naturleg. Dette støtter også opp om slik kulturskulerektorane skildrar si oppleving av lovheimelen, dei nyttar den der dei opplever det som strategisk smart.

6.3.1 Kommunane si synleggjering av kulturskuletilbodet

Referansecommunane har gode og informative nettsider som skildrar dei ulike tilboda, pris, praktisk organisering, kontaktinformasjon og søknadsportalar. Det er lett og navigere seg fram til den informasjon og det tilbod ein måtte ynskje. Vidare er seks av dei sju referansecommunane omtala i det overordna kommunale planverket som kommuneplanane sin samfunnsdel og i økonomiplanane. Eg tolkar dette som nok eit døme på at kommunane er bevisst si rolle og sitt eigarskap til kulturskulen. Sett utanfrå ser kommunane sin struktur og

organisering av kulturskuletilbodet mykje lik ut, noko som igjen peikar i retning av at det har utvikla seg ein standard for drift og organisering av kulturskulane, som kommunane, kanskje utan å vera klar over det, legg til rette for og tek for gitt.

6.4 Forventning om standardisering i nasjonale føringar

Gjennomgangen av dei historiske hendingane og dei nasjonale overordna dokumenta har medverka til å belysa korleis kulturskulane har etablert seg i kommunane og kva rolle dei har i lokalsamfunna. Utviklinga av musikk- og kulturskulane har mykje skjedd i kommunane, slik den historiske gjennomgangen i kapittel 2 syner. Det lokale engasjementet og alle eldsjelene rundt om i landet har, slik eg ser det, hatt ei heilt sentral rolle i utviklinga. Det kan synast som om idéen om musikk- og kulturskule har spreidd seg frå kommune til kommune, og vidare at kommunane har samarbeida og utvikla seg parallelt. Denne utviklinga opplever eg samsvarar med det eg skriv om institusjonar og institusjonalisering i kapittel 3, der eg trekker fram at det er praksisfeltet sjølve som har skapt orden og mening for aktørane og at det gjennom ein konsensus har etablert seg reglar og rutinar som definerer kva institusjonen skal vera.

Kommunane sine vedtak, skildringar og erfaringane frå referanserekitorane syner at det over tid har vore eit sterkt ynskje om å få tydlegare føringar og fastare rammar for drifta frå nasjonalt hald. Den historiske gjennomgangen syner at musikk- og kulturskulen stadig er på søken etter faktorar som kan sikra drifta og auka deira legitimitet.

I analysane er det særleg tre nasjonale hendingar som er sentrale i forhold til utviklinga av musikk- og kulturskulane, det er øyremerking av midlar til musikk- og kulturskule i 1982, lovforankringa av kulturskulen i 1997, og til sist bortfall av øyremerka midlar i 2004.

I kapittel 2. har eg skrive om interpellasjonen frå Kjell Magne Bondevik i 1980 og korleis den var banebrytande for den vidare utviklinga av musikk- og kulturskulen. Gjennom debatten som kom i samband med dette, og ikkje minst at resultatet av interpellasjonen var at musikkskulane kom på statsbudsjettet, har heilt klart vore avgjerande for skuleslaget si utvikling. Dei økonomiske rammene gjorde det meir føreseieleg for kommunane, og dette medførte at det vart lettare for kommunane å etablera musikkskule. Kjell Magne Bondevik sin interpellasjon, var fyrste gong ein såg teikn på å systematisera drift av musikkskule på eit nasjonalt nivå, og den tydeleggjorde mål og ynskje om at konseptet musikkskule skulle vera

tilgjengeleg for alle. Det er viktig å merke at dette var før musikkskulen var heimla i lovverket.

Den andre viktige hendinga er lovforankringa av musikk- og kulturskulen, som skjedde i 1997. Praksisfeltet sjølv hadde stor interesse i å få musikkskulane lovfesta i ei eller anna form. Eit motiv for denne motivasjonen, var for å kunna stå stødigare i den einskilde kommune, samt legitimera bruk av midlar til dette formålet. Som det kjem fram av dokumenta nemnast økonomi, og då særleg därleg økonomi, som eit stadig tilbakevenda tema. Frykt for därleg kommuneøkonomi gjer at feltet søker å trygga tilboden, og då er det nærliggande å arbeida for få tilboden lovfesta. Prosessane som førte til eigen paragraf i opplæringslova var viktige for kulturskulane og det vart i praksisfeltet opplevd som ein siger når kulturskulen vart ei lovpålagt oppgåve for kommunane.

Som ei kan sjå i den historiske gjennomgangen i kapittel 2, har musikkskulane etablert seg i majoriteten av kommunane i løpet av 80- og 90-talet. Musikkskulane har rett og slett blitt ein naturleg del av det kommunale tenestetilboden. Dette kan tolkast som at det har blitt ei forventing frå innbyggjarane at kommunen skal ha til tilbod om opplæring innan musikk, og i delar av landet vart det også ei forventinga om opplæring i andre fag i tillegg. Kommunane har, slik eg ser det, på dette tidspunktet etablert ein forventa standard og regelsett for kva innhald og organisering musikk- og kulturskulen skal ha. Når det så vert foreslått å flytta dei øyremerka midla til kulturskuledrift over til kommunane si rammeoverføring, jf. kap. 5.3.4., var det krefter i praksisfeltet som spådde kulturskulen sin død. Frykta for at kommunane ikkje skulle ta ansvar for kulturskulen var stor. Frå 2004 gjekk ein bort frå at kommunane fekk øyremerka midlar til musikk- og kulturskule, og over til at midla vart lagt til rammeoverføringa til kommunane. Kommunane fekk med dette eit større ansvar for korleis dei ville prioritere musikk- og kulturskuledriftena i sin kommune. Historia syner at denne endringa ikkje vart dramatiske for kulturskulane. Tal frå GSI-rapporteringa stadfester også dette. Det er ikkje teikn i statistikkane som syner nedgang i korkje tal elevar eller ressursbruken, tvert i mot synar statistikken ei auke i både tal elevar og årsverk etter 2002. Eg tolkar dette som nok eit døme på at musikk- og kulturskulen er blitt institusjonalisert og at det i kommunane har utvikla seg ein forventa standard for tilboden.

Lovforankringa som kom i 1997, har truleg også hatt ein innverknad på kommunane si plikt og vilje til å halda fram med god drift av musikk- og kulturskulen.

Norsk kulturskoleråd har vore og er ein sentral bidragsytar til den systematisk utviklinga av kulturskulane. Deira arbeid med Rammeplan for kulturskulen – mangfald og fordjoping frå 2015 er eit døme på dette. Når planen kom, var det for fyrste gong det me kan kalla ein «storoffensiv» for å synleggjera kulturskulane sitt noko uklare mandat i kommunane. Målet om å få lokale politiske vedtak på at kommunane skal styra etter rammeplanen, og ha den som eit overordna dokument, synleggjer trong for, og eit ynskje om at kulturskulane skal stå sterke i det kommunale planverket. Langt på veg lukkast det kulturskolerådet å få mange lokale vedtak på planen, fem av dei sju referansekomunane i denne studien har slikt lokalt vedtak, og eg vel å tru at det representerer ein nasjonal trend. Rammeplan for kulturskulen kan og sjåast på som eit døme på ein standardisering av kulturskuletilbodet, det er eit uttalt ynskje å legga til rette for likt tilbod i heile landet. Kulturskolerådet har uttrykt ynskje om at Rammeplan for kulturskulen skal bli forskift til lova, men i Meld. St. 18 (2020 – 2021), går det fram at regjeringa ikkje ynskjer dette. Det same meiner majoriteten av referanserektorane, dei ynskjer heller ikkje at nemnde plan skal bli forskrift til lova.

I grove trekk kan det synast som om kulturskulane er like og at det er ein uformell standard som definerer kulturskulane sitt innhald, likevel vegrar praksisfeltet seg for å innføra ein rammeplan som stiller krav om ein slik standard.

Vidare ser eg i analysen av dei historiske dokumenta at det i starten av var ei forventning om at musikkskulen skulle vera eit supplement til den obligatoriske skulen, og skulle bidrag til å heva kvaliteten i musikkundervisninga. Desse tankane om tette band mellom grunnskulen og kulturskulen er tydelege i dei nasjonale overordna dokumenta. På kommunalt nivå er dette noko tona ned, det same er referanserektorane si oppfatning av samarbeidet. I seinare meldingar og rapportar (jf. den historiske gjennomgangen i kap. 2.) er definisjonen av formålet til kulturskulen noko endra. Kulturskulen omtalast i nyare dokument som å vera ei inkluderande kraft i kommunen, den skal vera eit symbol for mangfald, den er eit kulturelt ressurssenter og har ei rolle som leverandør av framtidige studentar til høgare kunstutdanningar. Desse faktorane opplever eg at synleggjer at det er ei nasjonal forventning om ein viss standard på kulturskuletilbodet, og at denne standarden er mykje meir detaljert enn opplæringslova § 13-6.

6.4.1 Finst det teikn på rettsleg standard i overordna nasjonale dokument?

I starten av oppgåva stilte eg spørsmål om det i overordna dokument finst informasjon som kan opplevast eller tolkast som rettsleg standard og korleis dokumenta ev. stiller seg til dette fenomenet, jf. forskingsspørsmål nr. 3. Eg vel å sjå funna i analysane mine som tydelege indikatorar på at det frå overordna nivå vert skildra ei forventning om korleis kommunane skal drifta kulturskulane og at det vert lagt til grunn ei felles forståing av korleis dette skal gjerast i praksis. Døme på dette er t.d. skildringa av kulturskulane i Meld. St. 18 (2020 – 2021) Oppleve, skape dele – Kultur for, med og av barn. Her vert det tydeleggjort forventningar om fagtilbod, samarbeid med SFO og forholdet Utdanningsdirektoratet skal ha til kulturskulen. Slik eg tolkar dette er det ei tydleg og klar felles skildring av praksisfeltet, som det er forventa at kommunane skal levera. Vidare er Norsk kulturskoleråd sin Rammeplan for kulturskulen eit døme på at det er ein klar forventa standard for drift og omfang av kulturskulen. Her vil eg og trekke fram forventningane til kulturskulane si rolle som «leverandør» av studentar til høgare utdanning innan kunst- og kulturfeltet. Det same vil eg sei om forventningane nasjonale myndigheter har til kulturskulane si rolle i å styrkja dei praktisk estetiske faga i barnehage, skule og SFO, jf. strategien Skaperglede, engasjement og utforskertrang (2019).

6.4.2 Kva påverknad har GSI-rapporteringa hatt for kulturskulane?

Funna i statistikken frå GSI-rapporteringa, opplever eg som eit døme på og ei tydeleggjering av at kulturskuledrift og organisering av den er blitt standardisert, og dette på eit mykje meir detaljert nivå enn det lovheimelen seier. Slik eg ser dette har GSI-rapporteringa ei klar forventning om kva kommunane skal levera, og dette tydeleggjer at det er blitt ein standard for kva omfang ein kulturskule skal ha. Når statistikken synar at 2/3 av landet sine kommunar har kulturskular med tre eller fleire fagområde, er det eit synleg teikn på at det kan ha etablert seg ein standard for drifta. GSI-rapporteringa synleggjer kommunane si oppfølging av lova, og som sagt, kommunane leverer tenesta i større omgang enn det lova krev.

Vidare er det interessant å sjå på dei politiske føringane som handlar om å knyta kulturskulen tettare til grunnskulen. Som dei tidlege dokumenta viser er det ei strek forventning om at musikk/kulturskulen skulle styrkja musikkopplæringa i grunnskulen. Det er også synleggjort at musikkskulen bør samarbeide tettare med grunnskulen og dela på felles lærarar osb., dette kjem til uttrykk i fleire av oppstartsdokumenta frå referansekomunane. Det kan difor synast

som det frå politisk hald har vore ein stor motivasjon for å satsa på kulturskulen for å styrkja musikkopplæringa i grunnskulen. Tal frå GSI viser at det i 2022 var 2253 årsverk knyta til undervisning i kulturskulen, av dette er berre 86 årsverk, 4%, nytta til undervisning i samarbeid med grunnskule og eller SFO. Det er difor eit lite tal kulturskulelærarar som underviser i ordinær grunnskule. Eg opplever at dette tydeleggjer at kulturskulen lever «sitt liv» ut i frå sine eigne premiss. Det vert skrive og debattert om kulturskulen si rolle i grunnskulen, men i feltet er det lite å spore av denne praksisen. Eg ynskjer å kopla dette til slik referanserekotorane uttrykker seg, dei opplever å vera den som sjølv definerer kulturskulen sitt tilbod i sin kommune. Det kan synast som, frå referanserekotorane si side, at interessa for å få til kulturskuleundervising i grunnskulen jamt over er liten.

Eg opplever at GSI stadfestar min påstand om at det har utvikla seg ein standard for drift av kulturskule, dette grunna i den tydelege inndelinga registreringa har. Gjennomgangen syner at alle kommunane svarer ut GSIn og at det ikkje vert stilt spørsmål om kvifor, det opplevast tydelegvis som naturleg. Rektorane seier at dei ikkje tenkjer så mykje på denne rapporteringa, det er noko dei berre gjer.

6.4.3 Statsforvaltaren si tilsynsrolle

I kapittel 3, er rettsleg standard definert som ein rettsregel som ikkje er detaljert utforma i lovteksten, men som refererer til forhold utanfor lovgjevinga når det skal takast stilling til om noko er rett eller urett. Dette tilseier at skal noko kallast ein rettsleg standard, skal det kunna rettsleg etterprøvast. I spørsmålet om det har utvikla seg ein rettsleg standard for kulturskulen har eg difor søkt finna domsavkjersler eller liknande som synleggjer at standarden kan rettsleg etterprøvast. Opplæringslova § 13-6 opnar for at statsforvaltaren kan føra tilsyn med kommunane på kulturskuledrift, jf. kap. 5.3.7. Tilbakemeldingane frå statsforvaltarane er at det har ikkje vore ført tilsyn, og at det heller ikkje har vore noko grunn til å gjera det. Statsforvaltaren opplever ikkje at det er risiko knytt til brot på regelverket, og dette må eg seia meg einig i. Som det kjem fram er det ikkje ført tilsyn i nokon kommunar og eg finner heller ingen domsavkjersler.

6.4.4 Kulturskulen og velferdsstaten

Eg opplever det som eit gjennomgåande tema at kulturskulen er eit symbol på velferdsstaten. Funn i analysane syner at det både i kommunale og nasjonale dokument er eit sterkt fokus på sosial utjamning, ynskje og viljen til å legga til rette for at kulturskulen skal vera for alle er

grunnleggande. Kulturskulen skal vera tilgjengeleg for alle, og det er dette som er grunnlaget for at det i 1984 vert innført øyremarka midlar til drift av kulturskule. Vidare er det særslig interessant å sjå utviklinga av kulturskulane når dei øyremarka midla fall bort og det var kommunane sitt fulle ansvar å prioritera denne tenesta. Som både funna i analysane og intervjuet syner har kulturskulane hatt ei breiare utvikling etter dei øyremarka midla fall bort. Slik eg ser dette syner det at kommunane kjänner eit eigarskap og ei stoltheit over å legge til rette for, og på ein måte innfri dei nasjonale velferdsmåla. Sandvin (2020) trekker fram i sin artikkel utviklinga av velferdsstaten, og at den i det store og heile kvilar på lokalt initiativ og på organisasjonsformer som er karakteristisk lokale. Han skriv vidare at ansvar for tenester som i hovudsak er lagt til kommunane er ein viktig årsak til offentlege institusjonar ikkje skapar assosiasjonar til byråkratisk maktbruk og framandgjering. Eg tenkjer at kulturskulen er eit godt døme på dette og at kulturskulane nærast har posisjonert seg i kommunane som ei teneste som står for sosial utjamning og stor grad av inkludering.

6.5 Forskingsspørsmåla i lys av drøftinga

For å søkja finna svar på problemstillinga laga eg tre forskingsspørsmål med underpunkt, jf. kap. 1.3. Gjennom analysane i kap. 5 og drøftinga i kap. 6, opplever eg at forskingsspørsmåla har blitt svara ut.

Forskingsspørsmål 1. handlar om referanserekotorane si oppleveling av lova, og samla sett forstår og opplever rektorane opplæringslova § 13-6 særslig. Dei ser det som viktig og trygt at kulturskulen har ein lovheimel, men i kvardagen har det ikkje så stor betydning for «deira» kulturskule. Rektorane er samde i at lova er ein styrke, særleg i budsjettarbeidet.

I forskingsspørsmål nr. 2 er tema kommunale dokument og planar. Analysane og drøftinga syner at dei kommunale dokumenta som skildrar kulturskulesaker mykje liknar kvarandre. Dokument som skildrar oppstarten av kulturskulane er einsarta og kommunane er samstemte i forståinga av oppgåva til kulturskulane. Alle kommunane er opptekne av at kulturskulen skal vera for alle. Det er nokre variasjonar og nyansar som skil kommunane frå kvarandre, som t.d. kva fagområde kulturskulane tilbyr. Det kjem fram at fagtilbod ofte heng saman med kva kompetanse som finst i kommunane, og at dette er noko varierande frå kommune til kommune. Sek av dei sju referansecommunane omtalar kulturskulen i sine overordna planar.

Vidare har alle referansekommunane informative nettsider, og det er tydeleg at det er gjennom dei kulturskulane informerer om både tilbod, organisering og planar.

Det siste forskingsspørsmålet handlar om rettsleg standard og om det finst informasjon i overordna nasjonale dokument som kan tolkast som dette. I søken etter teikn på rettsleg standard i nasjonale dokument vil eg trekka fram den tydelege forventninga overordna nivå har til kommunane. Særleg dei klare forventningane som handlar om fagtilbod, organisering og målet om at kulturskulen skal vera for alle. Dette kjem til uttrykk i fleire Stortingsmeldingar og ulike rapportar jf. kap. 2.3.2 og 5.3.5. I tillegg opplevast GSI-rapporteringa, kap. 5.3.7., som klart teikn på dei forventninga overordna nivå har til kommunane.

7 Konklusjon

Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg analysert kommunane si forståing og praktisering av opplæringslova § 13-6, og danna meg eit bilete av om denne praksisen er så eintydig at den kan reknast som ein rettsleg standard.

Funna i dokumentanalysane og i intervjuet peikar i retning av at mykje er likt og einsarta i kommunane si forståinga og utøving/praktisering av opplæringslova § 13-6, slik som:

Lik etablering; kommunane sitt ynskje om å legga til rette for sunne og gode fritidsaktivitetar, trong for å strukturera den frivillige musikkopplæringa, musikkskulen si rolla i å styrkja/supplera grunnskulen si musikkundervisning, samarbeid med korps er og trokke fram som viktig.

Liknande organisering; kulturskulane er leia av ein rektor og skulen ligger under skule/oppvekst/kultur/fritid eller variantar av dette, skulane har brukarbetaling og moderasjonsordningar, kommunane synleggjer kulturskulane i overordna planverk. I startfasen var musikkskulane administrert av det som på 70- til 80-talet vart kalla skulestyre.

Like fagtilbod; alle kulturskulane har tilbod om opplæring i musikk, majoriteten av kulturskulane har tre til fem ulike fagområde som musikk, dans, drama/theater, visuelle kunstfag og anna t.d. skapande skriving, sirkus eller lokale variantar.

Lik forståing av lova; alle kommunane har tilbod om kulturskule enten aleine eller i samarbeid med andre kommunar, og som tala frå GSI syner, har kommunane eit breiare utval av tilbod enn det lova krev.

Lik rektorrolle: rektorane har stor fridom i utøvinga av arbeidet, dei har personal og økonomisk ansvar for drifta, rektorrolla er prega av ein sterk kulturell identitet og stor grad av idealisme.

Lik politisk og administrativ sakshandsaming; kommunane har gjennomgåande lik handsaming av politiske og administrative saker som omhandlar kulturskulane.

Punkta over synleggjer at praksisfeltet er tydleg og samlande, og at det er ein rimeleg lik praksis som er gjennomgåande i heile landet. Vidare er GSI-rapporteringa, rammeplan for kulturskulen, skildringar i overordna dokument (som t.d. Stortingsmeldingar) og til sist dei forventningane myndighetene har til kulturskulen som «leverandør» av studentar til høgare utdanning innan kunst- og kulturfeltet, klare teikn på ein forventa nasjonal standard og norm for drift og praktisering av kulturskule i kommunane.

Til grunn for forståinga av rettsleg standard, ligg det at det er forhold utanfor sjølve lovgjevinga som er tydelege og einsarta, og at denne praksisen vil kunne etterprøvast i ein eventuell sak. Funna i analysane viser at dette ikkje kan dokumenterast, då det ikkje har vore reist noko sak som kan etterprøvast. Myndighetene har ikkje funne grunn til å føra tilsyn, og det har heller ikkje vore noko domsavkjørsle i ein eventuell sak om forståinga av opplæringslova § 13-6. Likevel er det i praksisfeltet, kommunane og i overordna føringar ei særsla eintydig praktisering og forståinga av opplæringslova § 13-6, så lik at det er grunnlag for å tru at ein nærar seg det ein kan kalla ein rettsleg standard. Om det hadde vore gjennomført tilsyn i ein kulturskule, og det var gjennomført ein rettsleg domsavkjørsle, ville ein kanskje formelt kunna kalla kommunane sin praksis av kulturskule for ein rettsleg standard. Lovgivinga opnar for at tilsyn kan førast, men det er lite truleg at dette vil skje, i og med at det er lite kritikk av kulturskulen og det er heller ingen openberr grunn til at det skal oppstå kritiske forhold i kulturskulen.

I innleiinga stillar eg og spørsmål med om det er ein samanheng mellom utvikling av ein eventuell rettsleg standard og ei institusjonalisering av kulturskulen. Funna i analysane peikar i tydeleg retning av at kulturskulane mykje liknar kvarandre og er einsarta i si praktisering av opplæringslova § 13-6, slik eg har skildra det over, i forhold til definisjon av rettsleg standard. Eg opplever at denne einsarta praksisen og den tydelege felles standarden er klare teikn på at kulturskulen er institusjonalisert. Scott (2014) sine pilarar framhevar at alle institusjonar treng sosial aksept for å overleve, og er det noko denne studien syner så er det nettopp det. Kulturskulane er, slik eg er det, tufta på ein slik sosial aksept. Kulturskulane oppstod som eit «privat» initiativ, fekk rask sosial aksept, kom inn på statsbudsjettet, fekk eiga lovheimel og lever no tilsynelatande godt i kommunane.

Eg valte å kalle oppgåva for «Tema med variasjonar? Kulturskule – eintydig praksis og rettsleg standard?». Og ja, funna syner at kulturskulen vert praktisert som eit tema med variasjonar, med dette meiner eg at kulturskulen jamt over er lik, som eit tema, men det er ei rekke mindre nyansar som eg vel å kalla variasjonar. Funna i studien peikar i retning av rettsleg standard, men sidan det ikkje er gjennomført tilsyn og det ikkje finst noko domsavkjørsle som omhandlar kulturskule, kan eg ikkje slå fast at den tydelege og einsarta standarden og praktiseringa av kulturskuledrift kan kallast for ein rettsleg standard. Det får stå som eit ope spørsmål og kanskje framtida vil gje oss svar på dette.

7.1 Tankar om kulturskulen og tida framover

I kapittel 1.4.2 skriv eg om endringane som kan koma i opplæringslova sin paragraf som omhandlar kulturskulen. Det er i forslaget til den nye opplæringslova § 26-1, lagt til tekst om at kulturskulen ikkje skal godta krenkjande oppførsel, mobbing, vald og diskriminering. I tillegg er det foreslått å kalle skuleslaget for kulturskule. Det skal bli interessant å følgje utviklinga framover. Det er ikkje varsla at det vil koma forskrift til lova. I samband med dette er det også varsla revisjon av Norsk kulturskuleråd sin Rammeplan for kulturskulen, eg gler meg til å fylgja dei prosessane og.

Gjennom arbeidet med masteren har det «slått meg» at det kan synast som det er eit sprik i feltet når det gjeld samarbeid eller samhandling mellom grunnskule og kulturskule. Eg opplever gjennom analysane av dei ulike nasjonale dokumenta, at det frå den sida er eit strekt ynskje og forventning om å få tettare og meir samarbeid mellom grunnskulen og kulturskulen, medan det i praksisfeltet ikkje vert fokusert på dette i same grad. Referansekommunane er mykje opptekne av å laga gode og inkluderande tilbod til innbyggjarane i kommunane, men fokuset er retta mot tilbodet som i stor grad er lagt utanom ordinær skuletid. Vidare opplever eg GSI-statistikken, frå 2022, på dette området som særstakt talande, i og med at det er berre 4 % av årsverka i kulturskulen som nyttast til samarbeid mellom kulturskule og grunnskule/SFO. Eg skulle ynskja eg kunne gått djupare inn i denne tematikken, men det får bli ved eit anna høve.

Heilt til sist har eg teke med eit sitat frå ein elev i «min» kulturskule, jente 16,5 år³:

«Ikkje kutt i tilbod til barn og unge – det er viktig å ha noko å gjere på, utanom skulearbeid. Kulturskulen er ofte starten for dansarar, musikarar, kunstnarar og skodespelarar. Kulturskulen gjer nærmiljøet meir sprudlande»,

³ Henta frå Stord kommune sine innspel til «Barn og unges stemmer - kunst og kultur», BUSK, 2019.

8 Referanseliste

- Asdal, K. & Reinertsen, H. (2020). *Hvordan gjøre dokumentanalyse: en praksisorientert metode* (1. utgave. utg.). Cappelen Damm akademisk.
- Berge, O. K., Angelo, E., Heian, M. T., Emstad, A. B. (2019). *Kultur + skole = sant. Kunnskapsgrunnlag om kulturskolen i Norge*. Telemarkforskning, NTNU.
- Birkeland, E. & Norge, K. (2014). *Det muliges kunst: råd til kulturministeren og kunnskapsministeren*. Kunnskapsdepartementet.
- Bjørgan, H. (1978). *Musikkskolen*. Norsk musikkpedagogisk forening & Norsk musikkskoleråd.
- Bukve, O. (2021). *Forstå, forklare, forandre: om design av samfunnsvitskaplege forskingsprosjekt* (2. utgåve. utg.). Universitetsforlaget.
- Bukve, O. (2012). *Lokal og regional styring: eit institusjonelt perspektiv*. Samlaget.
- Charry, F. B., Svendsen, J., & Svendsen, E. F. (2003). *På vei til mangfold: rammeplan for kulturskolen*. Norsk kulturskoleråd.
- Egholm, L. (2014). *Videnskabsteori: perspektiver på organisationer og samfund*. Hans Reitzel.
- Eikemo, O. (1999). *Kulturskolen - kunststykket i kommunenes satsting for et rikere lokalmiljø*. Kirke-, utdanning- og forskningsdepartementet.
- Glosvik, Ø. (2002). Om læring på ulike nivå i organisasjoner. *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift*, 18 (2), 117-141. <https://doi.org/doi:10.18261/ISSN1504-2936-2002-02-02>
- Grunnskolens Informasjonssystem, *GSI-statistikk*. Utdanningsdirektoratet.
<https://gsi.udir.no/app/#!/view/units/collectionset/1/collection/100/unit/1/>
- Grunnskolerådet. (1981). *Samordnet kommunal musikkopplæring, forsøk og utvikling, modeller for statstilskot*. Grunnskolens informasjonsteneste.
- Haugland, A. (2018). *Rettsregler, rettslig standarder og rettskilder*. I Lindøe, P. H, Kringen, J. & Braut, G. S. (Red.), *Regulering og standardisering: Perspektiver og praksis* (1. utg., s. 88 - 105). Universitetsforlaget.
- Helgeland, G. (2006). *Opplæringslova: lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61 : kommentarutgave* (2. utg.). Universitetsforlaget.
- Hofsli, E., Jakola, T. & Rishaug, H. (2013). *På vei til kulturskole for alle : Norsk kulturskoleråd 40 år*. Norsk kulturskoleråd.
- Jacobsen, D.I. & Thorsvik, J. (2013) *Hvordan organisasjoner fungerer* (4. utgave). Fagbokforlaget.

Karlsen, K. H. & Bjørnstad, G. B. (2019). *Skaperglede, engasjement og utforskertrang : nye perspektiver på estetiske og tverrfaglige undervisningsmetoder som redskap i pedagogisk virksomhet*. Universitetsforlaget.

Kirke- og undervisningsdepartementet (1989). *Musikkskolene. En dynamo i det lokale skole og kulturmiljøet*. ("Dugstad-utvalet").
<https://doi.org/oai:nb.bibsys.no:990902880504702202> URN:NBN:no-nb_digibok_2012082108241

Kirke- og undervisningsdepartementet (1974). *Mønsterplan for grunnskolen*, Ascheaug.

Kommunenes Sentralforbund (1989). *Rammeplan for kommunale musikkskoler*. Kommuneforlaget.

Kommunenes Sentralforbund (1980). *Temahefte: Kommunale musikkskoler*. Norske kommuners sentralforbund.

Kommunenes Sentralforbund (1985). *Kommunal musikkskole virksomhet*. Norske kommuners sentralforbund.

Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M. & Rygge, J. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg.). Gyldendal akademisk.

Lindøe, P., Kringen, J. & Braut, G. S. (2018). *Regulering og standardisering : perspektiver og praksis*. Universitetsforl.

Ludvigsen, S. & Norge, K. (2014). *Elevenes læring i fremtidens skole : et kunnskapsgrunnlag : utredning fra et utvalg oppnevnt ved kongelig resolusjon 21. juni 2013 : avgitt til Kunnskapsdepartementet 3. september 2014* (Bd. NOU 2014:7). Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon, Informasjonsforvaltning.

Meidell, A. (2017). Utviklingen av helhetlig risikostyring i relasjon til internkontroll og revisjon. *Praktisk økonomi & finans*, 33(1), 135-149.
<https://doi.org/doi:10.18261/issn.1504-2871-2017-01-10>

Meld. St. 40 (1992 - 1993). ...vi små en alen lange: om 6-åringene i skolen - konsekvenser for skolelopet og retningslinjer for dets innhold. Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.

Meld. St. 19 (2001 - 2002). *Nye oppgaver for lokaldemokratiet - regionalt og lokalt nivå*. Kommunal og regionaldepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-19-2001-2002-/id195855/>

Meld. St. 10 (2011 - 2012). *Kultur, inkludering og deltaking*. Kulturdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-10-20112012/id666017/>

Meld. St. 20 (2012 - 2013) *På rett vei*. Kunnskapsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-20-20122013/id717308/>

Meld. St. 18 (2020 - 2021). *Oppleve, skape, dele Kunst og kultur for, med og av barn og unge*. Det kongelege kulturdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20202021/id2839455/?ch=1>

Miland, K. P., Kleppe, B. (2019). *Organisering og kompetanse i kommunal kultursektor*. Telemarksforsking.

Nordrum, J.K.F. (2019), *Bedre regulering? Årsak- virkningsanalyser i Norsk reguleringsprosess* (1. utgave). Gyldendal.

Norsk kulturråd (1976). *Frivillige musikkaktiviteter for barn og ungdom : utredning fra Norsk kulturråds utvalg for utredning om frivillige musikkaktiviteter for barn og ungdom av 1973*.

Norsk kulturråd (1996). *Hvordan etablere og utvikle kommunale kulturskoler*.

Norsk kulturskoleråd (2015). *Rammeplan for kulturskolen : mangfold og fordypning*. Norsk kulturskoleråd.

NOU 1995: 18 (1995). *Ny lovgivning om opplæring — «... og for øvrig kan man gjøre som man vil»*. Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-1995-18/id140365/>

NOU 2013: 4 (2014). *Kulturutredningen*. Kulturdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2013-4/id715404/>

NOU 2014: 7 (2014). *Elevenes læring i fremtidens skole. Et kunnskapsgrunnlag*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/NOU-2014-7/id766593/>

Olsen, J.P. (2016). *An institutional perspective*. In Van de Walle, S., & Groeneveld, S. (Eds.) Theory and practice of public sector reform. Routledge.

Opplæringsloven (1998). *Lov om musikk- og kulturskole*, § 13-6. Lovdata.
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_15#%C2%A713-6

Opplæringsloven. *Lov om skolefritidsordninga*, § 13-7. Lovadata.
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_15#%C2%A713-7

Ot. Prp. nr 21 (1003 - 1994). *Om lov om endringar i lov 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen*. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1993-94&paid=4&wid=a&psid=DIVL482&pgid=a_0335

Ot. Prp. nr. 46 (1997 – 1998). *Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. Kunnskapsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/otprp-nr-46-1997-98-/id158981/>

Redaksjonen, tidsskriftet Ballade. (13.06.2018). *Ingen egen stortingsmelding for kulturskolen likevel*. Ballade, s. 1. <https://www.ballade.no/politikk-debatt/ingen-egen-stortingsmelding-for-kulturskolen-likevel/>

Regjeringen, (2019). *Skaperglede, engasjement og utforskertrang. Praktisk og estetisk innhold i barnehage, skole og lærerutdanning*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/skaperglede-engasjement--og-utforskertrang/id2665820/>

Regjeringen. (2021, 26. august). *Forslag til ny opplæringslov. Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa*. https://www.regjeringen.no/contentassets/e069262e09fa47d2b8ef4ddb3d971d9e/vedle_gg-til-horingsnotat-lovforslaget-ny-opplaringslov-og-endringer-i-friskoleloven-pdf.pdf

Ringdal, K. (2018). *Enhet og mangfold : samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode* (4. utg. utg.). Fagbokforlaget.

Rønningen, A., Angelo, E. & Rønning, J. R. (2017). *Forskning og utvikling i kulturskolefeltet*. Cappelen Damm Akademisk/NOASP (Nordic Open Access Scholarly Publishing). <https://doi.org/10.23865/noasp.21>

Rønningen, A., Jeppsson, C., Di Lorenzo Tillborg, A., Johnsen, H. B. & Holst, F. (2019). *Kulturskolerelatert forskning i Norden – en översikt*. (Norsk kulturskoleråd).

Sandvin, J. T., Vike, H., Anvik, C. H. (2020). *Den norske og nordiske velferdsmodellen: kjennetegn og utfordringer*. (s. 28-41). Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/9788215034713-2020-3>

Scott, W. R. (2014). *Institutions and organizations : ideas, interests, and identities* (4th ed. utg.). Sage.

Store norske leksikon. (2023). <https://snl.no/>

Stortinget, (2004). *Innstilling fra kirke-, utdannings- og forsknings-komiteen om kunst og kultur i og i tilknytning til grunnskolen ("Ei blot til Lyst")*. [https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2003-2004/inns-200304-131/?lvl=0](https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2003-2004/inns-200304-131/?lvl=0)

Stortinget, *Forhandlinger i Stortinget nr. 128, 1980, 6. februar - Interp. fra Kjell Magne Bondevik om statsstøtteordning til kommunale musikkskoler*. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/>

Sæbø, J., Storaas, T. (1982). *Kommunal musikkopplæring: grunnskole, musikkskole, frivillig musikkliv*. Grunnskolerådets infomrasjonshefte nr. 25. Universitetsforlaget

Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitative metoder* (5. utg.). Fagbokforl.

Thorbjørnsrud, T. & Norge, U. (2013). *Kultur får elever til å blomstre: evaluering av ordning med øremerkede stimuleringsmidler til kulturskoler og kulturtildelning* (Bd. 2013-14). Proba samfunnsanalyse.

Tveit, Å. K. (2022). *Barnekulturpolitikk i Norge: Stortingsmelding nr. 18 Oppleve, skape dele: Om kultur for, med og av barn og unge*. Nordisk kulturpolitisk tidskrift, 25 (3), 185-200. <https://doi.org/10.18261/nkt.25.3.3>

Utdanningsdirektoratet. (2021). *Rammeplan for SFO*. Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

Westby, I. A. (1996). *Kulturskolehåndboka : hvordan etablere og utvikle kommunale kulturskoler* (Bd. nr 1). Norsk kulturråd.

9 Dokumentliste

Kommunale dokument:

Kommune A:

12.11.1980	Vedtak frå [REDACTED]	Skolestyre. Tilsetting av musikklærer
13.01.1982	Vedtak frå [REDACTED]	Skolestyre. Forslag til oppstart av kommunal musikkskole
24.03.1982	Vedtak frå skolestyret:	Oppstart av kommunal musikkskole i [REDACTED] kommune
21.02.1982		En helhetlig, samordnet musikkopplæring
15.12.1994	Vedtak frå kommunestyret, Kommunal musikkskole i [REDACTED]	
Våren 2014	Utviklingsplan, [REDACTED] kommunale kulturskole 2015 – 2018 Enhett for kultur og oppvekst, Handsama i Utvalet	
20.06.2019	Vedtak frå kommunestyret, «Framtidas ungdomsskole»	

Kommune B:

01.10.1969	[REDACTED]	skolestyre, Oppretting av musikkskole
13.08.1970	Utgreiing, notat, Frå den nedsette komitéen	
29.09.1970	[REDACTED]	skolestyre, Oppretting av [REDACTED] kommunale musikkskole
22.03.2011	[REDACTED]	bystyre, «Høring – Kulturskoleløftet – kulturskole for alle»
29.05.2018	[REDACTED]	bystyre, Temaplan for utvikling av [REDACTED] kulturskule 2018 - 2021
14.05.2020	Hovedutvalg for oppvekst og utdanning, «Gratis barnehage, SFO/AKS og kulturskole»	
02.11.2021	[REDACTED]	kommunestyre, «Overtakelse av aktivitetstilbudet i [REDACTED]»

Kommune C:

30.09.1986	Kulturutvalet
06.05.1987	[REDACTED] kommunestyre
24.09.1987	Skulestyremøte, «Målsetjing og arbeidsoppgåver i [REDACTED] musikkskule»
10.10.1988	[REDACTED] formannskap, «Søknad om øvingsrom for distriktsmusikarane»
05.12.1988	[REDACTED] formannskap, «Eventuell nedlegging av [REDACTED] kommunale musikkskule og avvikling av kommunen sitt engasjement i distriktsmusikarordninga»
08.02.1989	[REDACTED] kommunestyre, «Kontorhjelp – musikkskulen – oppretting av stilling»
18.06.1990	Informasjon om musikkskulen
07.05.1991	Omorganisering av distriktsmusikarordninga
12.11.1999	Kulturskule i [REDACTED] ?
25.09.2014	[REDACTED] bystyre Utgreiing av kulturskulen - trong for samla skisseprosjekt for [REDACTED]
29.10.2015	[REDACTED] bystyre, Utbygging av kulturskulen og [REDACTED]
16.02.2017	[REDACTED] bystyre, Ny kulturskule - framlegg til endeleg lokalisering
28.04.2017	[REDACTED] bystyre, Godkjennung av samarbeidsavtale for kulturskulen - [REDACTED] og [REDACTED]
21.06.2018	[REDACTED] bystyre, Rammeplan for [REDACTED] kulturskule
29.04.2021	Kommunestyret, Rammeplan for [REDACTED] kulturskule

Kommune D:

16.01.1974	[REDACTED] kommunale studienemnd, «Musikk-skole i [REDACTED] – orientering evt. Drøfting»
22.02.1974	[REDACTED] skulestyre«Musikk-skole i [REDACTED] – orientering evt. Drøfting»
16.12.1974	[REDACTED] kommunestyre, Framlegg til kommunal musikkskole
07.05.1975	[REDACTED] skulestyre, «Musikkskolen i kommunen, instruksar m.v.»
07.11.1975	[REDACTED] skolestyre, «[REDACTED] kommunale musikkskole»
13.05.1980	[REDACTED] Formannskap, «Musikkskolen – utgreiing om musikkskolen etter 4-5 års verksemd»
17.12.1981	Utgreiing [REDACTED] kommunale musikkskole 1975 - 1981
24.10.2017	[REDACTED] kommunestyre, «Kulturskoleplan for [REDACTED] 2017 – 2027»
24.10.2017	[REDACTED] kommunestyre, «Rammeplan for kulturskolen»

Kommune E:

18.12.2008	[REDACTED] kommunestyre, «Realisering av [REDACTED] kunst og kultursenter»
18.12.2018	[REDACTED] kommunestyre, «Oppretting av [REDACTED] kulturskule»

Kommune F:

16.12.1975	Skulestyremøte
26.01.1976	Kommunestyremøte, «Musikkskule i [REDACTED]»
16.2.1988	Formannskapsmøte
19.04.1988	Formannskapet, [REDACTED] musikkskule
18.10.1988	Formannskapet, [REDACTED] musikkskule, nytt opplegg
28.02.1989	Formannskapet, [REDACTED] musikkskule, nytt opplegg
08.02.2011	Utvalsmøte, Høyringsuttale: Kulturskoleutvalet sin rapport «Kulturskole for alle»
27.03.2012	Kommunestyremøte, Nye [REDACTED] barne- og ungdomsskule – godkjenning av forprosjekt og utlysing av anbodskonkurranse
20.06.2012	Kommunestyremøte, Utviklingsplan 2013 - 2015
16.09.2013	Utvalsmøte, Forslag til høyring, kulturskuletimen
10.06.2014	Utvalsmøte, Høyring, Rammeplan for kulturskulen «Mangfold og fordjuping»
11.11.2014	Kommunestyre, Nye opptaksriterier og reglement for [REDACTED] kulturskule
16.11.2016	Kommunestyret, Rammeplan for kulturskulen

Kommune G:

Haust -1977	[REDACTED] formannskap, «Musikkskole i [REDACTED]»
Vår 1978	[REDACTED] formannskap, «Oppdeling av budsjettet 1978 for [REDACTED] musikkskule»
25.11.2015	Utgreiing av kultursatsing for ungdom
23.01.2017	Komite for drift og forvaltning, «Mangfold og fordjuping» - ny rammeplan for kulturskulen
04.02.2020	[REDACTED] kommunestyre, «Ombygging av [REDACTED] skule til barnehage og kulturskule»

Nasjonale/overordna dokument: sjå referanselista

10 Figurliste

Fig. 1, Dei tre institusjonelle pilarane, s. 26

Fig. 2, Fordeling fagområde, GSI 2006, s. 49

Fig. 3, Fordeling fagområde, GSI 2022, s. 50

Fig. 4, Elevtalsutvikling i kulturskulen, heile landet, henta frå GSI, s. 50

Fig. 5, Årsverk i kulturskulen, heile landet, henta frå GSI, s. 51

11 Vedlegg

Intervjuguide

Tema for masteroppgåva er opplæringslova § 13-6, som omhandlar kommunane si plikt til å ha tilbod om musikk- og kulturskule. Lovteksten er kort og har heller ingen forskrift, noko som tilseier at den einskilde kommune kan drifta kulturskule slik dei tenkjer det er naturleg ut i frå både økonomiske og fysiske rammer og kompetanse i kommunen. Masteroppgåva er ei blanding av dokumentanalyse og intervju.

Problemstilling:

Korleis vert opplæringslova § 13-6, lov om musikk- og kulturskule, praktisert og forstått av kommunane?

Forskingsspørsmål:

Ut i frå problemstillinga har eg definert tre hovudspørsmål som alle er todelt. Dei to første forskingsspørsmåla er relevante for intervjeta, det siste er mest relevant i forhold til dokumentanalysen.

- 1 a) Kva finnes i kommunane av skriftleg dokumentasjon som skildrar kulturskulen sitt innhald, organisering og eventuelle planar?
- 1 b) Korleis vert denne dokumentasjonen uttrykt og informert om til brukarane/elevane?
- 2 a) Korleis opplever leiar/rektor for kulturskulen lovekravet?
- 2 b) Korleis opplever rektor/leiar for kulturskulen «sin» skule i forhold til dette kravet?
- 3 a) Kva finnes av informasjon i overordna dokument som kan opplevast eller tolka som ein rettsleg standard?
- 3 b) Korleis forholder overordna dokument seg til fenomenet rettsleg standard?

Spørsmål til intervjet:

Tema	Tematisk spørsmål
Bakgrunn	Kor lenge har du vore leiar/rektor kulturskulen?
Opplæringslova § 13-6	Kva forhold opplever du at kommunen har til Opplæringslova § 13-6?
Kommunale dokument og politiske vedtak/henta frå kommunen sitt arkiv	I kva grad var du kjent med dokumenta og innhaldet i dei?
Utvikling av kulturskulen: mål, tilbod og organisering	Kan du fortelje om bakrunnen for at kultskulen har dei tilbod den har i dag?
GSI-rapportering	Korleis opplever du GSI-rapporteringa?
Rammeplan for kulturskulen (Norsk kulturskoleråd 2015)	Korleis nyttar kulturskulen/kommunen rammeplanen?
Opplæringslova § 13-6 og framtida	Kva tankar har du om opplæringslova i tida som kjem?

Oppfølgingsspørsmål, intervjuguide

Tema	Tematisk spørsmål	Oppfølgingsspørsmål
Bakgrunn	Kor lenge har du vore leiar/rektor kulturskulen?	<ul style="list-style-type: none"> • Har du vore leiar/rektor i andre kulturskular? • I tilfelle kor lenge? Større eller mindre kommune enn i dag? • Kva utdanning har du?
Opplæringslova § 13-6	Kva forhold opplever du at kommunen har til Opplæringslova § 13-6?	<ul style="list-style-type: none"> • Korleis opplever du at kommunen er bevisst denne lova? • Korleis kjem lova til uttrykk i organiseringa av skulen? • Korleis opplever du at kommunen oppfyller loverkravet? • Opplever du at noko stiller spørsmål om kulturskulen er lovheimla? • Kven er det ev. som stiller slike spørsmål? • Korleis forstår du lova? • Opplever du at lova fungerer etter hensikta?
Kommunale dokument og politiske vedtak/henta frå kommunen sitt arkiv	I kva grad var du kjent med dokumenta og innhaldet i dei?	<ul style="list-style-type: none"> • Kva dokument var du kjent med? • Kva er innhaldet i desse? • Korleis forstår du dokumenta? • Kva har dokumenta å seia for drifta av kulturskulen i dag? • Er dei retningsgjevande på noko vis? • Er det samsvar mellom det som dokumenta skildrar og slik praksis er i dag?
Utvikling av kulturskulen: mål, tilbod og organisering	Kan du fortelje om bakgrunnen for at kultskulen har dei tilbod den har i dag?	<ul style="list-style-type: none"> • Veit du kvifor kulturskulen har dei tilboda den har? • Veit du kvifor det har blitt slik? • Kven opplever du har definert mål, innhald og organisering av din skule? • Kven samanliknar du «din» skule med? (nabokommune, kommunar frå same kostragruppe, kommunar av same storleik? Anna?)
GSI-rapportering	Korleis opplever du GSI-rapporteringa?	<ul style="list-style-type: none"> • Opplever du at det er ein norm eller standard som er forventa at kulturskulen skal oppfylle? • I tilfelle ja: kvifor?

Rammeplan for kulturskulen (Norsk kulturskoleråd 2015)	Korleis nyttar kulturskulen/kommunen rammeplanen?	<ul style="list-style-type: none"> • (I dokumentanalysen som er gjennomført før intervjuet, vil det vera kartlagt om kulturskulen har politisk vedtak på rammeplanen) • Korleis nyttar kulturskule rammeplanen i det daglege arbeidet? • Opplever du at rammeplanen fungerer? Kvifor/Kvifor ikke? • Har du gjort deg nokre tankar om det har vore noko endring i drifta av kulturskulen etter at planen vart vedtatt og slik skulen driftast i dag?
Opplæringslova § 13-6 og framtida	Kva tankar har du om opplæringslova i tida som kjem?	<ul style="list-style-type: none"> • Om du kunne bestemme – ville du endra noko i opplæringslova § 13 -6? • Om ja - Kva ville du endra og kvifor?

Stord 16.10.2022

Vil du delta i forskningsprosjektet "Lov om musikk- og kulturskule – korleis vert opplæringslova § 13-6 forstått og praktisert av kommunane»"?

Dette er eit spørsmål til deg om å ta del i eit forskingsprosjekt. I dette skrivet finn du informasjon om mål for prosjektet og kva deltaginga vil innebera for deg.

Føremål

Føremålet med prosjektet er å kartlegga og finna meir ut om korleis kommunane tolkar, forstår og praktiserer opplæringslova § 13-6, lov om musikk- og kulturskule. Lovteksten er kort og har heller ingen forskrift, noko som tilseier at den einskilde kommune kan drifta kulturskule slik dei tenkjer det er naturleg ut i frå både økonomiske og fysiske rammer og kompetanse som finnes i kommunen. I spennet mellom kommunane si tolking og praktisering av lova, og samfunnet si forventning til kulturskuledrift, kan det synast som det har vekse fram ein uformell standard som legger føringar for drift og omfang av kulturskuletilbodet. Studien søker og å finna ut om denne uformelle standarden reknast som ein rettsleg standard og korleis og kvifor har utvikling blitt slik? Arbeidsmetode vil vera analyse av offentlege dokument om kulturskule og intervju av utvalde kulturskuleleiarar.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Professor Geir Sverre Braut frå Høgskulen på Vestlandet er rettleiar og ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Eg ynskjer å intervju leiarar/rektorar om korleis dei forstår og opplever opplæringslova § 13-6, og korleis dei opplever at kommunen dei arbeidar i forholder seg og etterlever lovkravet.

Kva inneberer det for deg å delta?

Du vert med dette invitert til å ta del i eit intervju som vil ta om lag 45 min. Det blir tatt lydopptak og skrive notat under intervjuet. Eg vil òg søkja etter offentlege styringsdokument, avtalar og planar som vert henta frå kommunen sine nettsider/arkiv.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta, kan du når som helst trekkja samtykke tilbake utan grunngjeving. Alle opplysningane om deg vil då bli anonymisert. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkja deg.

Ditt personvern – korleis me oppbevarer og brukar dine opplysningar

Eg vil brukar opplysningane du gjev til føremåla eg har fortalt om i dette skrivet. Eg behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Dei som har tilgang til data vil vera prosjektansvarleg/rettleiar og student
- Namnet og kontaktopplysningane dine vil bli erstatta med ein kode som blir lagra på ei eiga namneliste åtskilt frå øvrige data.
- Både deltarar i studien og kommunenamn vil bli anonymisert:
 - Informasjon frå avtalar, planar og styringsdokument frå din kommune vil bli omtala med kodar i den publiserte masteroppgåva

- I den publiserte masteroppgåva vil deltakarane òg bli omtalt anonymisert og personopplysningar vil ikkje vera sporbare

Kva skjer med opplysingane dine når me avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttast innan 31.07.2023. Kodelista med dit namn og nummer vert då destruert og data vil bli oppbevart i anonymisert form i passordbeskytta eining som berre eg har tilgong til.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysninger som er registrert om deg,
- å få retta personopplysingar om deg,
- få sletta personopplysningane om deg,
- få utlevert ein kopi av dine personopplysningar (dataportabilitet)
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandling av dine personopplysningar.

Kva gjev oss rett til å behandla personopplysningane om deg?

Me behandler opplysingane om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandling av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Meir eller utfyllande informasjon kan du få ved å venda deg til:

- Student: Anne Lene Østvold Jordåen, anne.jordaen@stord.kommune.no, telefon 480 43 386
- Rettleiar: Geir Sverre Braut, gsb@hvl.no
- Personvernombod ved Høgskulen på Vestlandet; Trine.Anniken.Larsen@hvl.no telefon: 55 58 21 17
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, e-post: personverntjenester@nsd.no, telefon: 55 58 21 17.

Tid og stad

Eg håpar du har lyst og moglegheit til å bli intervjuet i samband med dette prosjektet!

Eg planlegg å gjennomføra intervjuet i november og desember 2022, og vil kontakta deg på e-post eller telefon for å avtale tid og stad. Intervjuet er som sagt berekna til å vare om lag 45 minutt.

Med venleg helsing

Geir Sverre Braut
(prosjektansvarleg/rettleiar)

Anne Lene Østvold Jordåen
(student)

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «Lov om musikk- og kulturskule – korleis vert opplæringslova § 13-6 forstått og praktisert av kommunane» , og har fått høve til å stilla spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju
- at intervjuet blir tatt opp på band
- at data frå intervjuet kan sjåast i samanheng med offentlege styringsdokument frå min kommune, dersom det blir gjort i anonymisert form
- at funna frå studien kan publiserst i anonymisert form i masteroppgåva
- at data frå intervjuet kan brukast etter prosjektslutt i anonymisert form

Eg samtykker til at mine opplysningar blir behandla fram til prosjektslutt, 31.07.22.

(Signert av prosjektdeltaker, dato)